



HØGSKULEN I VOLDA

RAPPORT OG PLANAR 2012 – 2013

August 2013

Innhald

1. INNLEIING	3
STYRETS VURDERING AV EIGE ARBEID	3
STRATEGIPLAN	4
UTFORDRINGAR OG SENTRALE RISIKOVURDERINGAR.....	6
2. RESULTATRAPPORTERING FOR 2012	9
<i>Sektormål 1 - utdanning</i>	9
<i>Sektormål 2 - forskning</i>	17
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	20
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	26
2.2. ANNA RAPPORTERING	30
3. PLANAR FOR 2013	35
<i>Sektormål 1 – utdanning</i>	35
<i>Sektormål 2 - forskning</i>	41
<i>Sektormål 3 - formidling</i>	45
<i>Sektormål 4 - organisering</i>	49
3.2 PLAN FOR TILDELT LØYVING 2012	54

1. Innleiing

Kapittel 1 omhandlar det som vi ser på som dei største utfordringane våre og ei oppsummering av strategiane våre. Dette kapitlet har eit meir langsiktig perspektiv enn dei to andre kapitla. Kapittel 2 er resultatrapport for 2012 og kapittel 3 er planar for 2013.

Under utfordringar i kapittel 1 vurderer vi dei sentrale risikoane våre, medan vi i kapittel 3 er meir konkrete i risikovurderingane, men vi konsentrerer oss likevel om dei risikoane vi meiner er dei mest sentrale, og vi har relatert dei til aktuelle verksemdmål.

Det har vore halde sju styremøte i 2012, og det har vore arrangert eitt styreseminar der dei sentrale tema var studiekvalitet, PPU i endring og strategiske val for Høgskulen i Volda.

Høgskulen i Volda (HVO) har fire avdelingar, og i dokumentet er forkortingane nytta:

AKF - Avdeling for kulturfag

ASH - Avdeling for samfunnsfag og historie

AMF - Avdeling for mediefag

AHL - Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Styrets vurdering av eige arbeid

Styret hadde ein runde på evaluering av eige arbeid i januarmøtet (sak 11/2013). Der kom det mellom anna fram at sakene til vanleg vert oppfatta som grundig og godt førebudde. Ein er også godt nøgde med møteleiinga og stemninga mellom styremedlemene. Folk kjenner seg etter kvart tryggare i rollene, og diskusjonane vert stendig betre. Samstundes vert det peika på at ein ynskjer meir aktivt engasjement frå studentrepresentantane.

Saksmengda er ofte stor – både når det gjeld talet på saker og mengda av utgreiing og vedlegg. Noko av dette vil kunne lettast ved overgang til bruk av nettbrett – som vi no vurderer. Styret ynskjer også ein gjennomgang av gjeldande delegasjonar: Kva er vedteke gjennom åra, og kva bør eventuelt endrast?

Til nokre av styremøte kan det vere bra å leggje opp til færre og større saker – som styret då får god tid til å diskutere. Dette fungerer godt i dei årlege styreseminara, men det kan også oppnåast ved å ha færre saker på somme av dei ordinære møta.

Strategiplan

Visjon

Kunnskap for framtida

Verdiar

Høgskulen i Volda (HVO) skal halde høgt verdiar som tillit, respekt, openheit og ærleg framferd. HVO skal vere ein inkluderande, kritisk og uavhengig institusjon.

Samfunnsoppdraget

Utdanning, forskning, formidling og utvikling.

I 2020 skal Høgskulen i Volda vere

- ein institusjon som gir profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur
- ein institusjon som byggjer på det fremste innanfor forskning, utviklingsarbeid og erfaringskunnskap
- nasjonalt leiande innanfor yrkesretta medieutdanning og anvendt medieforskning
- ein institusjon med eit særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning
- ei drivande kraft i livslang læring prega av pedagogisk innovasjon for læring i eit digitalt samfunn
- aktivt samarbeidande med andre institusjonar i inn- og utland
- ein viktig samarbeidspartnar i regional utvikling
- ein institusjon med eit levande, attraktivt og godt studiemiljø og med tett kontakt mellom lærar og student og mellom studentar

Utdanning og studiemiljø

- Utdanningane ved HVO skal utvikle kunnskap, samfunns- og kulturforståing, evne til kritisk refleksjon og kvalifisere til arbeid i eit fleirkulturelt samfunn
- HVO skal bygge verksemda si på profesjonsretta grunnutdanningar av høg kvalitet
- HVO skal utvikle fleksible femårige utdanningsløp med utgangspunkt i BA-utdanningane
- HVO skal leggje til rette for og stimulere til livslang læring i nært samspel mellom utdanning og arbeidsliv, forskning og utviklingsarbeid
- HVO skal oppretthalde og utvikle eit godt, inkluderande og oversiktleg studiemiljø i nært samarbeid med studentorganisasjonar, studentsamskipnad og lokalsamfunnet
- HVO skal styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane både i omfang og kvalitet
- HVO skal ha høg kvalitet i samlingsbasert og nettbasert utdanning

Forskning og utviklingsarbeid

- HVO skal drive forskning og utviklingsarbeid på høgt nivå
- HVO skal stimulere til tverrfagleg forskings- og utviklingsarbeid
- FoU-arbeidet skal gi utdanningane eit solid grunnlag og medverke til regional og nasjonal utvikling
- HVO skal gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid
- HVO skal organisere forskingsinnsats i større, integrerte FoU-miljø og program med tydeleg leiing
- HVO skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifiseringsprogram og forskarskular

Samfunnsoppdrag og kunnskapsdeling

- HVO skal vere ei kunnskapsbasert og kritisk røyst i samfunns- og utdanningsdebatten
- HVO skal samarbeide aktivt med offentlege verksemder og næringsliv
- HVO skal stimulere til kunnskapsdeling og dialog knytt til høgskulen si utdannings-, utviklings- og forskingsverksemd
- HVO skal styrkje den regionale og nasjonale rolla som kunnskapsaktør og utviklar av kompetanse

Organisering, personalpolitikk og administrasjon

- HVO skal satse sterkt på aktiv rekruttering og kompetanseheving av medarbeidarar
- HVO skal til kvar tid ha ein oppdatert og velfungerande infrastruktur
- HVO skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv
- HVO skal ha ein målretta seniorpolitikk

Samarbeid, arbeidsdeling og konsentrasjon

- HVO skal samarbeide med leiande fagmiljø nasjonalt og internasjonalt for å fremje kvalitet i undervisning, forskning, utviklingsarbeid og administrasjon
- HVO skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov.

Tiltak i perioden 2011 til 2014

- Etablere masterstudium på AMF
- Etablere femårig grunnskulelærerutdanning på masternivå
- Etablere treårig kulturskulelærerutdanning
- Satse sterkare på kompetansebygging og forskning knytt til førskulelærerutdanninga
- Satse sterkare på kompetansebygging og rekruttering av fagfolk
- Organisere forskingsinnsats i større integrerte program med nasjonale og internasjonale nettverk
- Etablere forskarskular i samarbeid med UH-nett Vest
- Styrkje det internasjonale tilbodet i utdanningane ved å tilby undervisning og pensum på engelsk i utvalde program/emne.
- Utvikle det faglege og organisatoriske samarbeidet innan UH-nett Vest, Mørealliansen og andre relevante fagmiljø nasjonalt og internasjonalt

Utfordringar og sentrale risikovurderingar

Rekruttering av studentar

Utviklinga i 2012 viste nok ein gong fin auke i søkinga til fleire av profesjonsutdanningane, men vi er framleis ikkje nøgde med talet på søkjarar til lærarutdanningane. GLU 1-7 hadde rett nok ein positiv auke, men GLU 5-10 gjekk relativt mykje ned. Resultata for kandidatproduksjonen viser samla sett sterk oppgang. Oppgangen gjeld først og fremst BA-kandidatar. Vi har likevel fråfall undervegs i studiet på nokre utdanningar. Noko av dette er pårekeleg: studentar finn ut at utdanninga ikkje passer for dei, nokre studentar blir rettleia ut av studiet - dette skjer særleg på lærar- og sosialfagutdanningane. Unge studentar er også usikre på utdanningsvala og "shopper" utdanning. HVO har også mange deltidstudentar som arbeider ved sidan av studiet, og nokre finn ut at dette ikkje lar seg kombinere eller tilhøve på arbeidsplassen gjer at de må ta seg ein pause frå studiet. Vi skal gjennomføre undersøkingar for å finne ut av fråfallsproblematikken, men vi meiner framleis at den største utfordringa for Høgskulen i Volda er å syte for vidare auke i søkjartala for å sikre oss dei beste studentane.

Med unntak av medieutdanningane er studia våre profilerte mot offentleg verksemd og spesielt kommunal verksemd. Storparten av studentane er frå regionen og vi utdannar til arbeid i regionen.

Medieutdanningane og mange av fagutdanningane rekrutterer godt, men den manglande rekrutteringa av studentar til velferdsstatens yrke er ei stor utfordring for regionen og for høgskulen. Til dømes utdanna Høgskulen i Volda 109 lærarar i 2012 (allmenn og PPU). Dette er ein nedgang på 15 frå året før. Behovet i regionen vil vere nærare 500 i året dei komande 10 åra. Høgskulen i Volda vil arbeide systematisk med spesielle tiltak for å auke rekrutteringa til lærarutdanningane og sosialfagutdanningane.

Rekruttering og kvalifisering av tilsette

Høgskulen i Volda har ein fagstab på 200 på heiltid og deltid. På grunn av aldersstrukturen må minst 1/3 av staben fornyast dei komande 10 åra. Spesielt er det ei utfordring å rekruttere nye medarbeidarar med høge kvalifikasjonar. Dei fleste av våre professorar og dosentar har vi kvalifisert sjølve. Manglande toppkompetanse kan bli ein flaskehals for fagleg utvikling. Gjennom stipendiatprogram, forskingsprogram, førstelektorutdanningar, kvalifiseringsmidlar og forskings- og utviklingsprosjekt vil vi vidareutdanne og kvalifisere eigne medarbeidarar. I tillegg vil vi satse på å rekruttere nye medarbeidarar.

Forskning og utviklingsarbeid

Høgskulen i Volda har framleis stor forskings- og publiseringverksemd, men fleire medarbeidarar burde ta del i denne verksemda. Dette krev:

- tydelegare profilering av forskingsverksemda og konsentrasjon av FoU-ressursar på utvalte område i periodar
- betre forskingsleiing på operativt nivå – arbeide fram gode prosjektsøknader, drive kollegarettleiing og interne forskingsseminar
- betre gjennomstrøyming av doktorgradskandidatar

- rekruttering av nye fagtilsette på toppnivå
- kontinuerleg kompetanseheving på alle nivå
- at vi utnyttar eigarskapen til og samarbeidet med Møreforskning til å utvikle felles forskingssatsingar

Samarbeid

Den største samarbeidsutfordringa i tida framover er å utvikle eit godt samarbeid gjennom UH-nett Vest om dei nye grunnskulelærarutdanningane. Med dei relativt svake søkjartala som vi har no på GLU, bør vi truleg samarbeide om dei fleste faga for å drive på ein økonomisk forsvarleg måte. Vi ser det også som viktig å få til forskarskular i nettverk.

Det er også ei utfordring å få til ei betre samordning av utdanningstilbod på masternivå slik at ikkje høgskulane på Vestlandet dublerer tilbod der det eit avgrensa søkjargrunnlag. Vi vil analysere kva område dette gjeld.

Når det gjeld arbeidsdeling og konsentrasjon, skal vi vurdere om det kan hentast ut gevinstar. Men for mange middels store høgskular i distrikta, kan konsentrasjon også vere eit stort trugsmål. Dersom t.d. HVO og Høgskulen i Sogn og Fjordane skulle ha ei arbeidsdeling der lærarutdanningane vart konsentrerte til ein stad og sosialarbeidsutdanningane til ein annan, ville det føre til ei sterk svekking av begge høgskulane. I tillegg ville det truleg føre til svekka rekruttering i dei respektive regionane (sjå punktet nedanfor).

Geografisk plassering

Vi har ei utfordring i å få dei sentrale styresmaktene til å innsjå at høgskular i distrikta også har ein særskild viktig funksjon i å sikre arbeidskraft og kompetanseutvikling i regionane. Nyare studiar støttar opp om dette: eit mangfaldig høgskuletilbod er nødvendig for å levere kvalifisert arbeidskraft til fylke og regionar. Eit stort fleirtal av dei som er vakse opp i ein region og tek utdanninga si der, tek seg også arbeid i regionen.

Vi vil framheve og arbeide vidare med dei sterke sidene våre som nettopp kjem av den plasseringa vi har:

- Studiemiljøet ved Høgskulen i Volda har eit godt rykte. Den intime atmosfæren, dei korte avstandane og den tette koplinga mellom høgskulen og bygda Volda, gjer at mange finn seg godt til rette – til dømes er 80 % av journaliststudentane frå andre delar av landet. I samband med StudiebygdA-prosjektet er vidareutvikling av studiemiljøet eit av tiltaka.
- Vi har bygd ut eit stort spekter av nettilbod og andre fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionen og det regionale næringslivet.

Med betra vegsamband har vi fått utvida det regionale nærområdet til over 70 000 innbyggjarar innanfor ein time reisetid, ei befolkning av same storleik som i nærområdet til Bodø.

Arealbehov

Høgskulen i Volda fekk nytt kontorbygg i 2010. Det ga oss ein netto auke i talet på kontorplassar på 32 då vi sa opp leigeavtalen i eit eldre svært dårleg bygg og gjennomførte nokre ombyggingar. Likevel opplever vi stort press på infrastrukturen vår. For tida har vi ein slakk på 10-12 kontor. Det er for lite med det aktivitetsnivået vi har i dag. Vi treng difor 20-30 nye kontorplassar. Med den auken i aktiviteten som har vore dei seinare åra, har vi og mangel på undervisningsrom med plass til 50-60 studentar. Vi treng 5-6 nye rom i denne storleiken. I tillegg har vi behov for nokre grupperom. I alt har HVO behov for om lag 1500 m² meir areal med den aktiviteten vi har no.

HVO, Studentsamskipnaden på Sunnmøre og Volda kommune har sett ned ei arbeidsgruppe som har til oppdrag å lage ei skisse til oppføring av eit fleirbruksbygg. I dette bygget er det tenkt at alle vi tre aktørane kan få dekt arealbehova våre. Vi ser for oss eit bygg der store delar av arealet kan nyttast til undervisningsfremål på dagtid og kulturaktivitetar på kveldstid.

Det hastar med å finne løysing på arealbehova. HVO er blant høgskulane med færrast m² pr. student. Då reknar vi med eit idrettsbygg på 4270m² som vi ikkje får utnytte på ein god måte slik idrettsstudiet har utvikla seg. Det er eit stort press på areal i heile sektoren. Kjøane til Statsbygg er lange. Dersom vi hadde satsa på ei løysing gjennom Statsbygg, ville det tatt mange år. Eit samarbeid med Volda kommune kan føre til ei rask og smidig løysing dersom KD kunne hjelpe oss med auka husleigekostnader.

2. Resultatrapportering for 2012

Sektormål 1 - utdanning

Høgskulane skal tilby utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal. Vi skal vere ein institusjon som gir profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal i 2012 ha revidert alle studieplanane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering i forhold til behov i samfunnet og eigne behov for konsentrasjon og profilering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i tett samarbeid med praksisfeltet.** Avdelingane har revidert studie- og emneplanar i samarbeid med praksisfeltet
- **Høgskulen i Volda skal vere ein institusjon med særleg ansvar for nynorsk i fag- og profesjonsutdanning.** Gjennom prosessar i 2012 er Ivar Aasen-instituttet omorganisert og innpassa i den ordinære avdelingsstrukturen – med verknad frå 1.1.2013. Vi lyste ut og fekk gode søkjarar både til eit professorat i nynorsk skriftspråk og eit PhD-stipend i nynorsk skriftkultur. HVO-leiinga har fornya samarbeidet med Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum. Vi har lagt opp til engasjement i Språkåret 2013. HVO har også vore ein pådrivar for etablering av nettverk for nynorskforskning i UH-nett Vest.
- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle institusjonsavtalar og samarbeid som sikrar tilgang på gode praksisplassar for profesjonsutdanningane, også i utlandet. Vi skal ha god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving.** Våre fagtilsette har tett kontakt med arbeidslivet gjennom omfattande ekstern verksemd. Denne kontakta gir våre fagtilsette oppdatert og relevant kunnskap om behova i arbeidslivet. HVO har også kontakt med praksisfeltet gjennom praksisbesøk, hospitering FoU-verksemd og opplæringstilbod for praksisrettleiarar og nyttilsette.
- **Høgskulen i Volda skal starte opp master i mediefag hausten 2012 under føresetnad av godkjenning frå NOKUT.** Gjennomført, talet på studieplassar vart overopppfylt (26 studentar)
- **Høgskulen i Volda skal planleggje ein lærarmaster våren 2012 med start hausten 2013.** Styret har godkjend planane for den nye masteren i Undervisning og læring. Første opptak blir hausten 2013. Styret har og oppretta to nye professorat for å styrke fagmiljøet rundt masteren.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av nye studieplassar til ei eiga kulturpedagogutdanning retta mot kulturskulen.** HVO har ikkje fått tilført nye studieplassar til ei slik utdanning. Vi har gjort ei ny vurdering og valt å prioritere 3-årig faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag.
- **Høgskulen i Volda skal delta aktivt i utviklinga av ny sosial- og velferdsutdanning.** Fagmiljøet har markert seg i debatten om dei nye utdanningane og deltatt i nasjonale råd og utval

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for oppretting av kulturfagemne på masternivå.** AKF sette hausten 2012 i gang med eit emne på MA-nivå; *Å skape meining*. Emnet ligg formelt til ASH og kan inngå i MA-programmet *Meistring og myndiggjering*.

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen i framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle grunnskulelærerutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD.** Samarbeidet i UH-nett Vest er godt når det gjeld GLU. I dette studieåret blir det gjennomført campusbasert – elæring på Norsk 2 1-7. Samarbeidet blir utvida med religion komande studieår.
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre ein fellesgrad i grunnskulelærerutdanning – 1-7 deltid – saman med Høgskulen i Sogn og Fjordane, innanfor ramma av UH-nett Vest samarbeidet.** Dette samarbeidet går etter planen
- **Høgskulen i Volda skal delta i Prosjekt Mørealliansen med hovudvekt på fagleg utvikling og samarbeid innan utdanning.** Sjå eige avsnitt
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest tilby masterutdanning i helse og sosialfag.** ASH har fullført opplegg med desentralisert mastertilbod i samarbeid med HSH. Masteren ved HiSF har HVO sine barnevernsemne som ein del av sitt tilbod.
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse.** Vi har forskingssamarbeid og anna fagleg samarbeid med dei aktuelle fagmiljøa i regionen. Det er etablert grupper for spørsmål knytt til NAV og kompetansebehov i barnevernet.
- **Høgskulen i Volda skal halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om rettleiing for pedagogisk personale.** Dette er gjennomført. Vi vil tilby i alt 20 studiepoeng til våre fagtilsette. Fleire emne er utvikla hos HiSF, eit er eigenutvikla.
- **Høgskulen i Volda skal vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget Pedagogikk og elevkunnskap.** Institutt for pedagogikk har utvikla ein pilot i klasseleiing - den blir utprøvd i Naustdal kommune og er eit oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Ein arbeider vidare i eit samarbeid med HiSF om eit tilsvarande opplegg i Stryn kommune. Dette for å kvalifisere oss til å delta som kompetansetilbydar i satsinga knytt til Ungdomstrinmeldinga.
- **Høgskulen i Volda skal følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om samarbeid rundt master i GLU knytt til religionsfaget.** Ein fekk avslag i NOKUT i første omgang. Planen er omarbeidd og sendt inn til godkjenning på ny.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for utvikling av eit senter for friskheit og livskvalitet i samarbeid med Høgskolen i Ålesund, Høgskolen i Molde og utvalde kommunar og Møre og Romsdal fylkeskommune.** AKF har på vegne av HIÅ, HIM og HVO utvikla ein søknad til regionalt forskingsfond. Prosjektet fekk namnet *Kreative løysningar: Kunst og kultur i folkehelsearbeidet*. Det var utvikla i samarbeid med Møre og Romsdal fylke og det låg føre avtale om samarbeid med

to kommunar. Prosjektet fekk ikkje støtte hausten 2012, og det er uvisst korleis ein kan kome vidare med dette arbeidet.

Kommentarar:

Mørealliansen har i 2012 mellom anna arbeidd med desse felles prosjekta:

- Felles grunnlagsdokument. Mørealliansen utvikla i 2012 eit eige grunnlagsdokument som fastset måla for samarbeidet i alliansen og som fungerer som ein invitasjon til samarbeid med nærings- og arbeidslivet i regionen.
- Utvikling av søknad til NOKUT om felles PhD-grad i helse og sosialfag. Denne søknaden representerer nybrottsarbeid, ved å vere den første doktorgradsutdanninga i Norge som utviklast i samarbeid mellom fleire høgskular.
- Utvikling av felles Mastergrad i folkehelse
- Samarbeid om gjennomføring av VRI Møre og Romsdal (fellesprogram finansiert av Forskningsrådet og Møre og Romsdal fylkeskommune).
- Utvikling av Fjordkonferansen som eit fellestiltak for forskings- og utdanningsmiljøa i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Fjordkonferansen skal vere ein fagleg samlingsstad for fagpersonar i FoU-institusjonane i dei to fylka og for fagpersonar i næringsliv og offentlig verksemd i regionen som arbeider med FoU-prosjekt og utviklingsprosessar.
- Utvikling av eit formalisert samarbeid (organisert som ein samfunnskontrakt) mellom høgskulane, KS Møre og Romsdal (kommunane) og Helse Møre og Romsdal som vil dekke både utdanningssamarbeid og forskingssamarbeid. Utkast til slike samarbeidsavtalar ligg føre, og det er etablert to koordineringsorgan i tillegg til eit årleg samarbeidsmøte på toppleiarnivå. Prosessen med å formalisere sjølvne samarbeidsavtalane er ikkje ferdig og ligg hos Helseføretaket.
- Forskningsforum Møre. Etter initiativ frå Forskningsrådet har Mørealliansen vore med på å etablere ein felles møteplass for alle dei 9 forskingsmiljøa som er til stades i Møre og Romsdal. Ein eigen samarbeidsavtale vart her underteikna 31.10.2012.

I UH-nett Vest har vi fått til eit samarbeid om distanseovergripande undervisning i norsk mellom Høgskulen Stord/Haugesund (HSH), Norsk Lærarakademi (NLA), Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF) og HVO. Vi har også eit samarbeid med HSH om masterutdanning i helse- og sosialfag. Vi har fleire samarbeidstiltak med HSF, m.a. høgskulepedagogikk for våre egne tilsette, mentorutdanning og klasseleiing. Der har vi utvikla ein pilot som blir prøvd ut i Naustdal kommune. Det er også etablert fleire forskingsgrupper innafør helse og sosial der HVO er med.

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere kjend som ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Resultatmål:

- **Opptaket på dei fleirårige studia skal liggje på same nivå som i 2011.** Vi har hatt ein lite auke med 9 fleire møtt – frå 557 i 2011 til 566 i 2012
- **Søkinga til Høgskulen i Volda skal auke med 5 % i 2012.** I samordna opptak auka søkinga med om lag 11 % førsteprioritetssøkarar og i lokal opptak auka søkinga med 4,5 %.

- **Høgskulen i Volda skal vidareutvikle fleksible utdanningstilbod – spesielt innan profesjonsutdanningane og vidareutdanningar retta mot lærarar.** Vi lyste ut to desentraliserte profesjonsutdanningar på deltid i Ålesund, Grunnskulelærerutdanning 1 – 7 (GLU) og Førskulelærerutdanning (FLU). Vi fekk ikkje nok kvalifiserte søkarar til GLU 1-7. Studiet blei trekt frå SO innan fristen. Vi fekk 64 studentar på FLU deltid, noko som er over måtalet for studiet. Vi starta også eit nytt nettstudium, Engelsk 4 x 15 studiepoeng. Det var svært god søkning, og vi har 65 studentar. HVO utvikla og gjennomførte eit 15 stp. betalingsstudium for assistentar i barnehagen, Kompass. Andre kullet starta opp hausten 2012. Det er god søkning til dette studiet.
- **Høgskulen i Volda skal ta opp minst 100 studentar til grunnskulelærerutdanningane.** Vi tok opp 84 studentar: 46 på GLU 1-7 og 38 på GLU 5-10.
- **Høgskulen i Volda skal ta opp minst 120 sosialfagstudentar.** Vi tok opp 121 studentar på sosialfagutdanningane. Verken Barnevernspedagog- eller Sosionomutdanninga kom på restetorget i år.
- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei beste høgskulane når det gjeld bruk av digitale verkty/elæring.** Vi starta opp samarbeidstiltak i norsk i grunnskulelærerutdanningane i UH-nett Vest der vi underviser via distanseovergripande teknologi.

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg nivå, læringsutbytte og god gjennomstrøyming

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda. Studenttinget skal få timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet.** Studenttinget har vore i klassane og informert om studentdemokratiet. Studentar er representerte i gruppa som skal kome med forslag til revisjon av kvalitetssystemet.
- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med utviklinga av høgskulepedagogikk i 2012.** Høgskulen har kome i gang med eit emne i høgskulepedagogikk. Dette er eit samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane og fagfolka på tvers av institusjonane deltek på same seminar og kurs.
- **Høgskulen i Volda skal informere om kvalitetsarbeid og gi god informasjon om temaet på nettsidene.** Høgskulen har oppdatert nettsida for kvalitetsarbeid og vil i etterkant av revisjonen av kvalitetssystemet følgje opp dette arbeidet
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2012 og programevalueringar.** Informasjonskontoret har bedt dei nye studentane om å evaluere studieinformasjon, sørvis og mottak. I alt 1092 studentar svarte. Det gir ein svarprosent på 51. Riktig studietilbod er ein viktig grunn til at studentane vel Høgskulen i Volda Over 74 prosent seier at www.hivolda.no har gitt dei kunnskap om høgskulen i stor grad. Totalt seier om lag 64 prosent at dei er godt nøgde med informasjonen på nettet før studiestart. Om lag 40 prosent seier at dei bestemte seg for å studere i Volda for eit eller fleire år sidan. Totalt seier nær 80 prosent av studentane seier at dei hadde Volda som førsteprioritet. Svært mange nemner at dei er/har vore i jobb, og læraryrket skil seg heilt klart ut. Om lag 17 prosent av heitidsstudentane nemner at dei kjem rett frå vidaregåande skule. Uavhengig av studieform ser vi at dei yngste studentane er dei som har brukt sosiale medium mest.
- **Høgskulen i Volda skal prioritere arbeidet med oppfølginga av NOKUT si evaluering av førskulelærerutdanninga. I 2012 vert arbeidet knytt til førebuinga av den nye**

førskulelærerutdanninga. HVO har laga ein plan for oppfølging av NOKUT-evalueringa av førskulelærerutdanninga. Der legg vi vekt på å auke kompetansen til faglærarane. Vi tek sikte på å redusere talet på mellombels tilsette. Målet er å få ein meir kompetent og stabil stab som identifiserer seg med førskulelærerutdanninga. Vi har organisert oss med ei gruppe for rammeplan og ei gruppe for kompetanseutvikling. Det er tilsett professor II med rettleiingsoppgåver for dei som satsar på kompetanseutvikling.

- **Høgskulen i Volda skal følgje opp NOKUT-evalueringa av kvalitetssystemet.** Dette er gjennomført. Konkrete framlegg til revisjon blei lagt frem for styret i mars 2013.

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit utstrekt internasjonalt utdanningssamarbeid som har høg kvalitet, og som medverkar til auka utdanningskvalitet

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal førebu alle studentar på møtet med det fleirkulturelle Noreg.** HVO har fleire studium som fokuserer på det fleirkulturelle samfunn. Der blir det lagt vekt på å forstå ulike kulturar og få betre innsikt i ulike religiøse trussamfunn. Tematikken blir spesielt vektlagt innanfor lærarutdanningane, masteren i kultur møte og sosialarbeidarutdanningane. Det har vore innlegg på forskingsdagane i 2012, og UH Nett Vest hadde ein konferanse der utfordringar i det fleirkulturelle Noreg var hovudtema. Både studentar og tilsette deltok på begge arrangementa.
- **Høgskulen i Volda skal søkje om tre nye IP-prosjekta (Intensive Projects – Life Long Learning Programme) våren 2012.** Vi sendte inn tre søknadar, men berre ein av dei «*What's Up After Uni?*» kom gjennom nålauget. Vi var deltakarar i eit IP-prosjekt koordinert av vårt samarbeidsuniversitet «*Turiba Business School*» hausten 2012 med sju studentar frå IPAS og PR. Vi arbeider med å forbetre ein av søknadane som fekk avslag i 2012 med sikte på ny søknad i mars 2013.
- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet når det gjeld utvekslingsstudentar som i 2011. Vi vil satse ekstra på Erasmus-mobilitet, og vil arbeide for å matche talet på innreisande Erasmus-studentar som er rundt 50 per semester.** Vi har ein monaleg auke på innreisande Erasmus-studentar i 2012. Vi kunne gjerne sett at fleire av våre studentar nytta seg av Erasmus-mobilitet. Vi har om lag 160 utreisande studentar i 2012. Av desse er om lag 35 på Erasmus-mobilitet. Då har vi ikkje rekna med studentar som er på kortare opphald som t.dk. «*Reportasjearbeid i framand kultur*» i India og er borte åtte veker. Talet på utvekslingsstudentar i 2012 er 244. Utveksling er blitt ein stor del av verksemda ved HVO. Det er verd å merke seg at vi er nr.3 blant høgskulane i landet i absolutte tal, berre slått av Høgskolen i Bergen og Høgskolen i Oslo og Akershus. Om vi legg inn størrelse er vi ein klar nr. 1.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet, og for å opprette eit konsortium for praksisutplassering i tett samarbeid med m.a. VRI-prosjektet og ein eller fleire høgskular.** Dette blir det arbeidd med i samarbeid med IPAS og VRI, men er førebels ikkje klart. Parallelt blir det arbeidd med praksisutplassering, og studieturen til Internasjonalt utval 2013 vil m.a. fokusere på etablering av nye praksisplassar.
- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde minst same aktivitet knytt til solidariske samarbeidsprosjekt med partnarar i Sør (Afrika, Asia, Sør-Amerika).** Vi tek imot kvotestudentar

frå Kenya og vi har praksissamarbeid med India og Kenya. Vi arrangerer rettleiarseminar både i India og i Kenya.

- **Høgskulen i Volda skal i løpet av 2012 utvikle fleire engelskspråklege emne og tilby nokre av dei emna som i dag går på norsk på engelsk.** Dette er eit langsiktig arbeid. Men vi har overoppfylt målet for 2012.
- **Høgskulen i Volda skal i løpet av 2012 arbeide med kvalitetsforbetring av dei engelskspråklege tilboda og nettsidene.** Det var avsett midlar til å arbeide med dei engelskspråklege sidene hausten 2012, men framdrifta ligg noko etter planen.
- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader.** Fleire tilsette har vore på partnerbesøk inneverande år, noko som er eit viktig bidrag til å kvalitetssikre studieopphalda for studentane våre. Internasjonalt utval var også på partnerbesøk, og nøkkelinstitusjonar vart inviterte til Internasjonal dag/veke.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestader med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå.** Det blir arbeid med dette på fleire avdelingar, spesielt på AMF og AHL.
- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for internasjonalt fagleg samarbeid og utveksling.** Det er avgjerande at det blir avsett tid i arbeidsplanane til den enkelte til internasjonal aktivitet. Her kan vi bli mykje betre. Det same gjeld å øyremerke midlar til slik aktivitet, men vi er på veg.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at fleire tilsette nyttar seg av Erasmus-stipend.** Vi har nytta oss av alle tildelte Erasmus-stipendmidla inneverande år for fagleg og administrativt tilsette, totalt 75 stipend. Dei to språkkursa våre og Internasjonalt utval sin tur også vart delvis dekkja av Erasmus stipend.
- **Høgskulen i Volda skal stimulere studentar og nyutdanna lærarar til å søkje støtte frå Comenius-programmet.** Ingen aktivitet i 2012
- **Høgskulen i Volda skal søkje om Diploma Supplement i 2012.** Vi vart tildelt Diploma Supplement
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med utdanningsinstitusjonane i UH-nett Vest om deltaking og stand på EAIE-konferansen i Dublin 11. - 14.09.2012.** Styret for UH-Nett Vest fatta vedtak om ikkje å ha eigen stand i år. HVO deltok på SIU sin stand.

Verksemdmål 1.6: Høgskulen i Volda skal utdanne kandidatar med høg kompetanse i samsvar med samfunnet sine behov

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 280 bachelorkandidatar.** Auken i talet på studentar påverkar også talet på ferdige bachelorkandidatar. HVO utdanna 364 bachelorkandidatar i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 50 masterkandidatar.** Vi utdanna 55 masterkandidatar. Det er mange som fullførte mastergrad i nynorskskriftkultur i 2012. Det var særleg deltidsstudiet som hadde etterslep og som fekk utteljing i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal utdanne minst 40 allmennlærarkandidatar og 50 PPU-kandidatar.** Vi utdanna 47 allmennlærarkandidatar og 62 PPU-kandidatar
- **Høgskulen i Volda skal liggje på nasjonalt gjennomsnittsnivå når det gjeld studiepoengproduksjon pr heiltidsstudent.** HVO har hatt ein auke i studiepoengproduksjonen pr heiltidsstudent. Frå 48,8 i 2011 til 52,4 stp i 2012. I heile universitets- og høgskulesektoren er tilsvarande tal 47,9 stp. For høgskulane er talet 51,1.

Tabell til sektormål 1	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)			0	2	2	2
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	172	179	168	182	210	244
Talet på framandspråklege studietilbod (15 studiepoeng)	10	13	7	7	15	21
Studietilbod i samarbeid med andre utanlandske institusjonar (fellesgrader)	0	0	0	0	1	0
Talet på primærskolar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,3	1,5	1,3
Uteksaminerte kandidatar på bachelorprogram	259	245	288	264	280	364
Uteksaminerte masterkandidatar	38	29	30	52	50	55
Uteksaminerte allmennlærarkandidatar	53	53	64	55	40	47
Uteksaminerte PPU-kandidatar	51	69	44	69	50	62
Opptak til GLU				84	100	84
Opptak til sosialfag				151	120	121
Primærskolar i samordna opptak	1 270	1 312	1 187	1 349	1 450	1 423
Registrerte heiltidsstudentar	2 398	2 468	2 654	2 769	2 700	2 887
Nye studiepoeng pr eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50	50	47	48,8	50	52,4
Studentar pr undervisningsforsknings- og formidlingsstilling	17,5	16,2	16,8	18,2	16	21,2
Studiepoengproduksjon, nye eigenproduserte	1 826	1 912	1 973	2 246	2 180	2 354,9
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	85,6	84,5	85,4	83	86	86,4

Samla vurdering sektormål 1

Det blir arbeidd godt med alle resultatmåla under sektormål 1. Vi har lukkast med det meste. Dersom vi tek utgangspunkt i tabellen ovanfor, så kom vi ut med resultat over ambisjonsnivået på dei aller fleste. Vi gjer det særst godt innafor internasjonalisering, her ligg vi i toppen nasjonalt. Men kandidatproduksjonen både på BA- og masternivå er også god. Vi vil og trekkje fram at det er ein monaleg auke i talet på nye studiepoeng pr heiltidsekvivalent. Her ligg vi no over nasjonalt gjennomsnitt. Det gir signal om betre gjennomstrøyming. Det vi ikkje har lukkast så godt med, er søkninga til studia våre. Sjølv om vi hadde auke i søkjartalet både i SO og lokalopptaket, så ligg vi under ambisjonsnivået både når det gjeld primærskolar pr studieplass og talet på primærskolar i Samordna opptak. Vi vil oppretthalde ambisjonsnivået og satse offensivt på rekrutteringstiltak i 2013.

Aktiviteten er stor, og vi har den største studiepoengproduksjonen nokon gong. Men det er grunn til å uroe seg over utviklinga når det gjeld talet på studentar pr undervisningsstilling. Aktiviteten viser at våre fagtilsette blir hardt pressa.

Vi har også gjennomført to brukarundersøkingar. I den eine bad vi dei nye studentane om å evaluere studieinformasjon, sørvis og mottak. Evalueringane var stort sett positive, men svarprosenten var låg. Erfaringane viser at det ikkje er lett å få høg svarprosent på slike undersøkingar. Men vi må likevel å finne måtar å gjennomføre slike undersøkingar som kan gi høgare svarprosent. Den andre undersøkinga handla om korleis søkjarane vurderte veven vår. Vi fekk svar frå 530 søkjarar frå dei tre segmenta heiltids-, deltid- og nettsøkjarar. Dei aller fleste respondentane (meir enn 80%) er nøgde med HVO sin presentasjon av studietilboda på HVO-veven. Analysen viser at HVO har forbettringspotensiale når det gjeld eksterne søkjemotorar, søkjemotorar på våre eigne sider, struktur og navigasjon og betre tilpassing og noko meir differensiering av informasjonen til dei ulike hovudsegmenta av søkjarar.

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal i tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarleg og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal vidareføre løyvinga til dei interne forskingsprogramma for å fremje forskning og kompetanseheving på strategiske felt.** Løyvinga til dei interne forskingsprogramma er vidareført i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar.** I Strategiplan for FoU ved HVO 2012-2015 vert bolkelegging av FoU-ressursen framheva som ein sentral strategisk arbeidsmåte. Høgskuleleiinga har oppmoda avdelingsleiingane om å leggje til rette for at fagtilsette kan få frigjort meir samanhengande tid til FoU. Det vert arbeidd målretta med å frigjere samanhengande tid til FoU, men på dei små institutta og seksjonane har det vist seg krevjande å fristille fagfolk frå undervisning i lengre periodar.
- **Høgskulen i Volda skal stimulere tilsette til å delta i internasjonale kompetansenettverk og knyte til oss internasjonale forskarnettverk gjennom Strategiske høgskuleprosjekt og andre større forskingsprosjekt.** Gjennom institusjonstildeling av forskingsmidlar frå HVO har AMF oppretta faglege koplingar til internasjonale kompetansenettverk. AKF har inngått samarbeidsavtale med Royal Holloway University of London og University of Nottingham. AKF er gjennom samarbeidet med Seanse i ferd med å gjennomføre eit prosjekt med støtte frå utdanningsdirektoratet med sikte på å utvikle ein modell for Teaching Artist (TA) i Norge. I august arrangerte Seanse den første internasjonale forskingskonferansen for TA. Deltakarane her er i ferd med å lage eit verdsomspennande nettverk for TA. Fleire tilsette ved ASH deltar aktivt i nettverk knytt til utdanningsforskning, sosialt arbeid, historie og offentleg planlegging. Fleire tilsette ved AHL deltek i internasjonale forskarnettverk og avdelinga arbeider med ein europeisk søknad saman med deltakarar frå fleire land.
- **Høgskulen i Volda skal sende tre prosjektsøknader til Strategiske høgskuleprogram og få tilslag på minst eit.** Høgskulen i Volda har sendt tre søknadar til Strategisk høgskuleprogram. Ingen vart innvilga. Høgskulen har også sendt tre andre store søknadar til Noregs forskingsråd. Prosjektsøknaden «*What is special education all about*», leia av professor Peder Haug, fekk tilslag innanfor programmet PRAKUT.
- **Høgskulen i Volda skal vere blant dei fem beste i høgskulegruppa når det gjeld publikasjonspoeng.** Høgskulen i Volda hadde rekordhøg produksjon av FoU-poeng for 2011. Tal for 2012 ligg ikkje føre enno.
- **Høgskulen i Volda skal auke produksjonen av publikasjonspoeng ved at fleire fagtilsette publiserer.** Tal for 2012 ligg ikkje føre enno
- **Alle som får tildelt FoU-ressursar skal dokumentere korleis desse ressursane er nytta, og vi skal leggje til rette for god framdrift.** Avdelingane rapporterer at dette blir følgt opp.
- **Alle i fagstilling skal få tilbod om å kople seg til forskargrupper/program.** Mange fagleg tilsette er knytt til forskargrupper eller program, men dagens program og forskargrupper dekker enno ikkje alle fagområda ved høgskulen.

- **Høgskulen i Volda skal gjennom UH-nett Vest arbeide for betre tilgang til fleire e-bokdatabasar.** Biblioteka i UH-nett Vest samarbeider godt, og vi har felles abonnementavtale på e-bøker frå Springer. Denne vart forlenga for 2013.

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal aktivt samarbeide med andre institusjonar om forskarutdanning, spesielt forskarskular som er retta mot behova i profesjonsfaga.** Høgskulen i Volda er medlem i NAFOL, men PhD- og førstelektorkursa deira har vore lite nytta av våre fagleg tilsette. Arbeidet med den planlagde forskarskulen innafor temaet Helse- og sosialfag i regi av UH-nett Vest er førebels stansa opp.
- **Høgskulen i Volda skal delta i arbeidet med å etablere forskarskular (doktorgradsutdanning) innan UH-nett Vest.** Arbeidet er lagt på is grunna lita interesse frå fagmiljø ved UiB.
- **Høgskulen i Volda skal delta aktivt i forskarskulen «Religion, Values and Society» og i Grieg Research School.** HVO er medlem og deltar aktivt i forskarskulene *Religion, Values and Society* og *Grieg Research School*.
- **Høgskulen i Volda skal delta i samarbeid med NTNU og andre høgskular/universitet om ein nasjonal forskarskule i psykisk helse.** Søknad om bidrag til etablering av en slik forskarskule vart sendt til Noregs Forskingsråd, men blei ikkje imøtekomen

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillinger syte for god gjennomføring av forskarutdanninga

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program.** Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013
- **Stipendiatprogrammet i fagdidaktikk skal halde fram i 2012.** Fagdidaktikkprogrammet har halde fram i 2012. Seks stipendiatar er knytt til programmet.
- **Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning skal vidareførast i 2012.** Stipendiatprogrammet i profesjonsforskning er vidareført i 2012. Tre stipendiatar følgjer programmet. En fjerde person har takket ja til stipendiatstilling og vil bli tilsett under føresetnad av opptak på godkjent doktorgradsprogram.
- **Alle stipendiatar skal følgjast opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året.** Dette blir gjennomført på alle avdelingane
- **Høgskulen i Volda legg til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald.** HVO legg til rette for at stipendiatar skal ha utanlandsopphald. Vilråra for støtte til utanlandsopphald er formalisert i dokumentet *Reglar, rettar og plikter for stipendiatar ved HVO*.

Tabell til sektormål 2	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,49	0,43	0,39	0,66	0,40	*
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	37	38	33	19	33	*
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer på vitenskaplege kanalar	28	39	49	50	60	*

* Tal ligg ikkje føre enno

Samla vurdering sektormål 2

HVO er prega av høgt kompetente og stadig meir produktive medarbeidarar. Vi har også gitt gode rammevilkår for FoU-verksemd. Dette er forklaringa på at vi over lengre tid har vore i tetsjiktet blant dei statlege høgskulane i vitenskapleg poengproduksjon per fagleg årsverk. Resultata for 2013 ligg ikkje føre enno, så vi veit ikkje om vi har nådd måla våre.

Det er likevel dekning for å seie at det blir arbeidd godt med dei fleste resultatmåla også under sektormål 2. Vi er inne i evalueringsprosessar av både interne FoU-program og organisering av stipendiatane. Vi hadde fleire som disputerte i fjor, og endå fleire vil ta doktorgrad i 2013. Vi er ikkje nøgd med tilslaget på søknader i Forskingsrådet, og må styrke innsatsen og kompetansen her. Oppdragsinntektene har til FoU har auka dei siste åra, men her ligg det framleis eit potensial for betring. Spesielt gjeld dette innafor fagområda knytte til lærarutdanning, sosialfag samt planlegging og administrasjon.

Gjennom ein bredt forankra prosess hausten 2011 og våren 2012 var Høgskulens FoU-plan revidert. Framgang gjennom betre ressursutnytting står sentralt i den nye planen. For å fremje forskning og kompetanseheving på strategiske viktige område har Høgskulen i Volda vidareført løyvingane til dei interne forskingsprogramma i 2012.

Bygging av strategiske alliansar innafor FoU er viktig og samarbeid om forskarutdanning er eit prioritert område ved Høgskulen i Volda. Samstundes er medlemskap i forskarskuler ressurskrevjande. Erfaringa er at høgskulen førebels ikkje har lukkast godt nok med å utnytta tilboda i forskarskulene vi i dag er medlem i. For å sikre ein strategisk forankring av høgskulens medlemskap i forskarskuler, skal alle spørsmål om nye forskarskulemedlemskap handsamast av Forskingsutvalet.

Arbeidet med den planlagde forskarskulen i UH-nett Vest er førebels stoppa opp. Vi sendte søknad om bidrag til etablering av forskarskule i psykisk helse, men den vart ikkje imøtekommen. Arbeidet med å utvikle ein PhD i Møre og Romsdal er godt i gang. Saka har vore handsama i styret som gjekk inn for at søknad om godkjenning kan sendast til NOKUT når den krava til faglege årsverk er innfridd. Vilkår for drift av ein PhD er ekstern finansiering.

Stipendiatsatsinga er svært viktig for Høgskulen i Volda. For å betre gjennomstrøminga er det gjort grep i alle deler av stipendiatoppfølginga. Før tilsetting vert aktuelle søkjarar innkalla til intervju for å

formidle forventningar og krav og sjekke motivasjon. Stipendiatar blir ikkje formelt tilsett før dei er tekne opp på doktorgradsprogram. Dei fleste stipendiatane blir knytte til større interne program med klare mål, god rettleiing og oppfølging. For å sikre smidig start er det sett av ressursar til ei fadderordning for nye stipendiatar. Medarbeidarsamtale blir brukt som verkty for å følgje opp stipendiaten undervegs og til å gjere naudsynte grep for å sikre framdrifta. Stipendiatprogramma er ennå ikkje evaluerte, men vil etter planen bli det i løpet av 2013. Forskingsutvalet skal ein gong i året handsame statusrapport over framdrift og oppfølging vedrørende stipendiatar og andre i doktorgradsløp.

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv samarbeidspartnar i regional utvikling

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal oppretthalde same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2012.** Vi hadde ein auke i eksternt finansiert aktivitet i åra frå 2007 til 2011. På grunn av omleggingar i det nasjonale systemet for kompetanseutvikling for lærarar og svikt i løyvingar frå NFR, klarte vi ikkje å halde oppe dette nivået i 2012. Vidare vart rutinane for oppdragsaktivitet reviderte i 2012, og etter dette er ikkje tala frå rekneskapen i 2012 heilt samanliknbare med tidlegare år. Noko av det som tidlegare vart rekneskapsført som oppdrag, vert no rapportert som sal.
- **Høgskulen i Volda skal gjennom aktivt samarbeid om praksisopplæring vere ein utviklingsaktør i regionen.** Nokre døme på slikt samarbeid: AMF er aktiv mot den Maritime klynga gjennom VRI-samarbeid. Avdelinga har og satsa på profilering av Industrianimasjon i samarbeid med lokale verft ved å arrangere seminar og organisere kåring av årets beste industrianimasjonsfilm. AKF har i 2012 særleg hatt samarbeid knytt til DPS, flyktningemottak, demensomsorga, skuleverket, *Island offshore management*, møbelbransjen, sjukehuset, frivillig sektor - særleg idrett og friluftsliv, musikk- og korverksemd og folketeater. ASH samarbeider med private næringsorganisasjonar og offentlege etatar (fylkesmann, fylkeskommune, kommunar) om vidareutdanning og fagleg utvikling. Avdelinga har utarbeidd ein intensjonsavtale med NAV Møre og Romsdal om samarbeid. Eit konkret tiltak om kompetanseheving og praksisutplassering er sett i gang i samarbeid med NAV Kristiansund. AHL har gjennomført eit studieemne for praksislærarar i Volda kommune.
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide tett med Fylkesmannen i Møre og Romsdal om kompetanseheving og utviklingsarbeid på barnehage- og skulesektoren i fylket.** Våren 2012 starta eit større utviklingsprosjekt i Romsdal kalla *Danning i barnehagen*. Prosjektet går over to semester og er finansiert av Fylkesmannen og målgruppa er tilsette i barnehagen i Romsdalskommunane. Det blir halde faste samarbeidsmøte med Fylkesmannen. Vi samarbeider også om ein stor årleg barnehagekonferanse. Innan skulesektoren er det under utvikling eit prosjekt om *Vurdering for læring* der Fylkesmannen har gitt fagmiljøet ved HVO ei sentral rolle som rettleiar for kommunane.

- **Høgskulen i Volda ved AMF skal samarbeide med Vestnorsk Filmsenter og Møre og Romsdal fylkeskommune om tiltak som kan bidra til utvikling av nye selskap, nye arbeidsplassar og betra omdøme.** AMF vidarefører tett samarbeid med Vestnorsk filmsenter, Sunnmøre Kulturnæringshage og StudiebygdA om diverse arrangement med sikte på firmaetablering og kompetanseheving. AMF har laga ein pilot til eit animasjonsmuseum i Volda og samarbeider med kommunen og andre aktørar for å gjere utstillinga permanent. I så fall blir dette det einaste animasjonsmuseet i Norden. Gjennom Seanse har høgskulen i samarbeid med Vestnorsk filmsenter gjennomført Animasjons- og figurverkstad for profesjonelle animatørar og figurteaterkunstnarar.
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med kommunar og offentlege etatar om kompetanseheving, plan- og utviklingsarbeid knytt til kommunale, sosiale og helsefaglege spørsmål.** ASH og AKF har utvikla eit prosjekt i lag med Ålesund kommune «*Om å finne tonen – kompetanseheving for Aktivisering og velferd*». Sentrale tema er kompetanseheving, demensproblematikk, kommunikasjon og samspel, medarbeidarskap og livsforteljingar.
- **Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv medspelar i Bulystprosjektet i regi av Volda Kommune, der StudiebygdA er ein sentral komponent.** Hovudprosjektet kom i gang hausten 2012, og HVO er ein sentral aktør. Rektor sit i styringsgruppa, og både studentar og tilsette tek aktiv del i arbeidsgruppene som er oppretta for m.a. kommunikasjon, digital integrasjon, sosial integrasjon, knoppskyting og entreprenørskap. Målsetjinga med alle tiltaka er å rekruttere og å halde på både gode studentar og kompetent arbeidskraft.

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemnda gjennom formidling og deltaking i offentlig debatt

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å arrangere Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemnda vår.** Forskingsdagane 2012 vart arrangert med gjennomgåande god oppslutning og gode tilbakemeldingar
- **Høgskulen i Volda skal gjennom internt poengsystem for FoU stimulere fagtilsette til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsprosjekt innanfor fagområda våre.** Det interne poengsystemet ser ut til å ha god effekt formidlingsaktiviteten ved HVO
- **Høgskulen i Volda legg opp til nettbaserte tenester for forskingsformidling. Gjennom nye nettsider vil ein fokusere på framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar.** På *hivolda.no* er «Forsking og utvikling» eit eige val i hovudmenyen. Sentrale målgrupper for sidene er forskarar, andre forskingsinstitusjonar, oppdragsgjevarar, studentar, ålmenta og media. Eit sentralt kommunikasjonsmål er å «selje oss inn» til oppdragsgjevarar ved å synleggjere FoU-aktiviteten ved HVO, forskarane, gruppene, nettverka, oppdraga osv. FoU-kontoret publiserer nyheiter som gjeld publisering, forskingsprosjekt, interne opprykk, konferansar osv.
- **Høgskulen i Volda skal arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemnda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar.** Også i 2012 vart det arrangert ei rekkje seminar og fagkonferansar. Døme: Ytringsfridom (i lag med Fritt Ord), Den skrivende kroppen Internasjonalt Tverrkunstnerisk Verkstad, 1ST INTERNATIONAL TEACHING ARTIST CONFERENCE,

SMÅKUNSTFESTIVAL Kunst for de minste - seminar og workshop for de voksne,
SKOLELEDERSEMINAR Kunst- og kulturaktiv skole 2012/2013 Kurs i Vurdering i kunst og handverk, etterutdanning for lærarar.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere seminar innan kommunikasjon for lokalt næringsliv i samarbeid med VRI.** Står på planen for AMF og vil bli intensivert i samband med at det er tilsett ein person innan emnet som professor II

Verksemdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal vere ein aktiv samarbeidspart for arbeidsliv i regionen gjennom utdanning, innovasjon og verdiskaping

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal prioritere eit nært samarbeid med offentlege og private interesseorganisasjonar i arbeidslivet.** HVO sin fagportefølje er tradisjonelt retta mot offentlig sektor og det pregar også våre eksterne kontaktar og samarbeidspartar. Særleg innanfor skule/barnehage samarbeider vi i fleire fora. Døme: Utdanningsforbundet, dei regionale samarbeidsorgana som Sjustjerna, Sunnmøre Regionråd, Kunnskapsnett Romsdal og mot Fylkesmannen i Møre og Romsdal og fylkeskommunale organ. Vi har også kontaktar inn mot NAV. Næringslivet på Søre Sunnmøre viser interesse for våre fag og vi har dei siste åra fått god kontakt med MAFOSS (interesseorganisasjon for maritime bedrifter). HVO ser nytten av å styrke kontakten med viktige partar gjennom faste dialogmøte for å informere om HVO og å fange opp signal eksternt (samfunnsansvaret). Siste åra har det vore faste møte med leiinga i Volda kommune (to gonger i semesteret) – møte med kommuneleiinga i Ørsta. Leiinga i Sunnmøre Regionråd har vore i møte med høgskuleleiinga denne hausten. Ein arbeider for å etablere faste møte med Sunnmøre Regionråd. I november inviterte vi sentrale næringslivsleiarar på Søre Sunnmøre til møte med høgskuleleiinga.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av Seanse – senter for kunstproduksjon i Volda kopla til Den kulturelle skulesekken.** I 2012 har Seanse fått løyvingar på ein halv million både frå Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Dette er karakterisert som faste tilskot. I tillegg har Seanse i 2012 arbeidd med Teaching Artist-prosjektet som fekk 1 million frå Utdanningsdirektoratet. I november låg det føre ein forskingsrapport frå Telemarksforsking med evaluering av Seanse, *Infrastruktur for kvalitet?* Rapporten slår fast at kunstnarane meiner Seanse i stor grad bidrar til kvalitetsheving av kunstproduksjonar for barn, det gjeld både kunstnarleg og barnefagleg kvalitet. Etter dette har det vore møte på statssekretærnivå med både Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet og med Norsk kulturråd.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle nyskapande studietilbod i samarbeid med og for regionen, innan leiing, kultur og etablerarkunnskap.** AMF vidarefører samarbeidet om industrianimasjon og gründerkurs. AKF, ved Seksjon for kunst og handverk, har fått løyving frå Norgesuniversitetet til å utvikle nytt studium i *Pedagogisk entreprenørskap og gründerverksemd*. ASH har utvikla kurs i leiing og personalarbeid, helse- og sosialrett, demensomsorg, vidareutdanning i barnevern, planarbeid for helse- og sosialsektoren.
- **Høgskulen i Volda vil arrangere nyskapingseminar og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid.** Etter avtale har *Sunnmøre Kulturnæringshage* tatt over dette ansvaret i samarbeid med HVO

- **Høgskulen i Volda skal gjennom utvikling av nye etter- og vidareutdanningstilbod aktivt medverke til nyskaping i regionen.** Sjå 3.4
- **Høgskulen i Volda skal gjennom VRI- og FORNY-prosjekta bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat.** For AMF er satsingsområdet industrianimasjon og utvikling av databasesystem og arkiv for medieproduksjonar. AKF har deltatt i VRI gjennom prosjektet «*Ny pedagogisk kompetanseplattform – Island Offshore Management*». ASH har gjennom VRI utvikla tilbod i leiing for Maritim foreining på Sunnmøre.
- **Høgskulen i Volda har stilt kontorplass til rådvelde og skal arbeide aktivt for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og kulturnæringshagen i Volda.** Vestnorsk filmsenter har, etter vår kontorfødselshjelp, fått kontor i kulturnæringshagen. Samarbeidet med begge institusjonane held fram.
- **Høgskulen i Volda skal vidarutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien i regionen.** Sjå ovanfor.
- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å legge til rette for produksjon av nynorske versjonar av utanlandske animasjonsfilmar for born i våre studio.** NorDubb har lagt ned aktiviteten i Volda grunna manglande bestillingar frå NRK. Nynorskmiljøet har ikkje støtta dette prosjektet i den grad vi hadde håpa på. Vi vil legge til rette for annan bruk av lokala som var brukt til nynorskversjonering av filmar for barneTV.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Helse Møre og Romsdal utvikle praksis for terapeutiske kulturaktivitetar.** AKF, ved Seksjon for idrett og friluftsliv og Seksjon for musikk, har hatt eit samarbeid med DPS, særleg med psykomotorisk fysioterapeut. Prosjektet vender seg mot kommunane og har også involvert studentar.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Kommunenes Sentralforbund utvikle undervisningstilbod knytt til samhandlingsreforma – «Helse i plan».** På oppdrag frå KS med finansiering frå Helsedirektoratet er HVO som ein av fire utdanningsinstitusjonar tilbydar av ein mastermodul knytt til «*Helse og Omsorg i Plan*». Målgruppa er personar i kommunar, fylkeskommunar, helseføretak og hjå fylkesmenn, både dei som har ansvar for planlegging og planprosessar generelt, og dei som har implementering av samhandlingsreforma og ny helse- og omsorgslov og ny folkehelselov som ei viktig oppgåve. Første kurs kom i gang hausten 2012.
- **Høgskulen i Volda skal medverke til eit regionalt utviklingsarbeid knytt til helse – kultur i samarbeid med Mørealliansen og Møre og Romsdal fylke.** AKF har skrive søknad om midlar til gjennomføring av prosjekt og skaffa samarbeidspartnarar til prosjektet. Detfekk ikkje Regionale forskingsmidlar.

Verksemdmål 3.4: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet.** Tilgang på statlege kompetansemidlar føreset delfinansiering frå skuleeigar og i vår region har skuleeigarane vegra seg då dei finn ordninga svært dyr. Resultatet er liten oppslutnad om *Kompetanse for kvalitet*. Nå er det vedteke ei gunstigare finansieringsordning for neste strategiperiode (skuleeigar sin del er redusert frå 40% til 25%), men så langt har ikkje dette medført auka søknad korkje lokalt eller

nasjonalt. Ved tildeling av fag i Kompetanse for kvalitet for 2012 – 2015, registrerer vi at tilboda vart sentralisert til dei store byane (i UH-Nett vest er 11 av 14 tilbod knytt til Høgskolen i Bergen). Det er svært uheldig for fagmiljøa ved dei «mindre» høgskulane som blir avskoren frå den viktige kontakten med praksisfeltet. HVO sit att med eit einaste tilbod; Leseløftet 1 for 5. 10. trinn og då i samarbeid med Høgskulen Stord/Haugesund.

- **Høgskulen i Volda skal i 2012 gjennomføre fleire etter- og vidareutdanningar for lærarar og førskulelærarar i nært samarbeid med skule- og barnehageeigarar.** Vi registrerer at det er stor søknad til desse studia og mange av studia rekrutterer nasjonalt. HVO har tilrettelagt for deltidsstudenten – organisering og arbeidsmåtar er så langt råd tilpassa studenten sine behov. Stikkord her er modulisering av studia i emne av 15 stp – eksamensform og god og rask rettleiing og tilbakemelding. HVO tilbyr fleksible deltidsutdanningar i dei fleste skulerelevante fag. Studia er organiserte som reine nettstudium eller som samlingsbaserte med nettet som læringsarena. Særleg norsk, historie, samfunnsfag og RLE har god søknad. Av nye fleksible studium denne hausten bør nemnast Engelsk nettstudium. Innføring av studieavgift synes ikkje å påverke talet på søkjarar negativt. Betalingsstudia er dei som rekrutterer best.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leing, omsorg, utdanning.** Innan helse- og sosialfeltet er høgskulen med i eit nettverk som «*Senter for sykehjem og hjemmetjenester*» har ansvar for. Fylkesmannen er med og kompetanseheving er eit sentralt tema. Det er også utarbeidd intensjonsavtale for samarbeid med NAV M&R, og vi har justert innhald og profil i masteremne for å gjere dei meir tilpassa arbeidsmarknaden. Høgskulen har og eit godt samarbeid med Sjustjerna omsorg og det er dette samarbeidet som har ført til det nye studieprogrammet «Vidareutdanning for helse- og sosialfag i aktiv omsorg. Det er to emne knytt opp mot dette programmet.
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i forretningsengelsk for næringslivet.** Etter gjennomføring av to kull, vart det ikkje oppstart denne hausten grunna manglande søking
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i organisasjon og leing for kommunar og næringsliv.** Døme: HVO ved ASH har avtalar med Ulstein kommune. Målgruppa er kommuneleiinga og emnet inngår som modul i masterprogrammet Samfunnsplanlegging og leing. ASH har også fått avtale med Møre og Romsdal fylkeskommune om kompetanseheving for leiarar i fylkeskommunen. Tilbodet er eit kombinert etter- og vidareutdanningstilbod m.a.o vil deltakarane kunne velje om dei vil ta opplæringa som etterutdanning eller som vidareutdanning med eksamen og formell kompetanse. Samarbeidet med MAFOSS held fram, dette er ei leiaropplæring retta inn mot mellomleiarane i maritim sektor. Kull 3 starta opp i september 2012. Vi er også inne i eit samarbeid med KS Møre og Romsdal og Fylkesmannen i Møre og Romsdal for å tilby eit kombinert etter- og vidareutdanningstilbod med arbeidstittelen «Den gode skuleeigar» - eit utviklingsprogram for skuleeigar (politikarar, fylkes-administrasjonen).
- **Høgskulen i Volda skal gje tilbod på deltid i førskulelærerutdanning, grunnskulelærerutdanning (1-7) og praktisk pedagogisk utdanning.** Oppstart av deltidsutdanning i Ålesund for førskulelærerutdanning - god søking 69 ja-svar – men vi makta ikkje å få nok søkjarar til grunnskulelærerutdanninga – PPU deltid har god søking og nytt kull starta hausten 2012.
- **Høgskulen i Volda skal gje tilbod om nettbasert undervisning i norsk, engelsk, religion og historie.** Gjennomført med god deltaking

- **Høgskulen i Volda skal halde fram med å tilby nettbaserte/samlingsbaserte betalingskurs i Deskjournalistikk og Undersøkande journalistikk.** Det nettbaserte tilbodet i «Deskjournalistikk» gjekk også hausten 2012. «Undersøkande journalistikk» er vidareutvikla og er eit obligatorisk emne i det nye masterstudiet i «Dokumentar og journalistikk».
- **Høgskulen i Volda skal ha tett samarbeid med Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Nasjonalt senter for fleirkulturell oppvekst, Nynorsk kultursentrum og Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa.** AKF held kontakten med Nasjonalt senter for kunst og kultur i opplæringa gjennom Seanse, og prøver å involvere senteret mellom anna i samband med TA-satsinga
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med regionen, næringsliv og kommunar utvikle eit moduloppbygd studietilbod innan krisehandtering.** Det vert arbeidd med å få dette til som eit tilbod innan Mørealliansen. No er også VRI koplå inn med midlar til personmobilitet.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle eit nytt emne knytt til demensomsorg.** Tilbodet er eit samarbeid mellom ASH og AKF, og blei sett i gang hausten 2012.
- **Høgskulen i Volda skal gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette.** Ei eiga gruppe har arbeidd med denne saka og kome tilråding om korleis vi skal følge den opp.
- **Høgskulen i Volda skal i samarbeid med Toll- og Avgiftsdirektoratet vidareføre kurs i offentleg forvaltning.** ASH har gjennomført to kurs, det siste blir avsluttar våren 2013. Kurset blei lyst ut på anbod sommaren 2012, og vi tapte anbodsrunderen.
- **Høgskulen i Volda skal saman med kommunar utvikle etterutdanningstilbod innan læringsretta vurdering.** I samarbeid med Sjustjerna tilbyr vi 2 kurs med fire samlingar og mellomarbeid. Eit kurs i «Vurdering i praktiske og estetiske fag» med vel 50 deltakarar og eit kurs i «Rekning i alle fag» med over 80 deltakarar.
- **Høgskulen i Volda skal utvikle studieeining i helse- og sosialrett.** Studieplanane er godkjende, og vi har eksterne samarbeidspartnarar som i første omgang skal organisere undervisningsopplegg i samarbeid med aktuelle kommunar.

Tabell til sektormål 3	Resultat				Ambisjonsnivå	Resultat *
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	11 077	12 096	11 072	9 210	11 100	7 231
Mottekne forretningsidear			12	1	3	2
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap			5	1	1	3

*Ein del av nedgangen skriv seg frå endringar i rutine, sjå omtale under resultatmål for 3.1

Samla vurdering sektormål 3

Sjølv om vi ikkje makta å halde oppe same nivået på den eksternt finansierte verksemda i 2012, så viser oversikta under sektormål 3 at det blir arbeidd aktivt med alle resultatmåla. Det er stor ekstern verksemd ved HVO som ikkje kjem til uttrykk gjennom BOA-rapporteringa. Vi har etablert samarbeid

med stadig fleire aktørar både innanfor offentleg og privat arbeidsliv. Fleire fagmiljø ser verdien i og nytten av fleksible studietilbod for å leggje til rette for enkeltstudentar.

Forskningsdagane er avvikla med god oppslutning om dei fleste arrangementa. Meldingane frå avdelingane fortel om at fagtilsette er aktive i formidlingsarbeid og tilskipping av seminar og konferansar. Nettsidene våre har fått eit løft når det gjeld å synleggjere FoU-verksemda vår.

Det er krevjande å arbeide med vidareutdanning for lærarar. Oppslutninga om *Kompetanse for kvalitet* er ikkje god. Mange studieplassar står ledig fordi skuleeigarane finn ordninga for dyr. Utdanningsdirektoratet sin tildelingspraksis av desse studietilboda er svært ugunstig for HVO og høgskular i distrikta. Vi har satsa på å utvikle våre eigne vidareutdanningstilbod for lærarar. Sjølv om dette er betalingsstudium, har dei svært god oppslutning. Det bør vere eit tankekors for KD at i *Kompetanse for kvalitet* er det mange ledige plassar, medan vi fyller opp plassane våre sjølv om vi tar studieavgift.

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane

Resultatmål:

- **I 2012 skal driftskostnader pr. avlagde 60-studiepoengeining vere kr 145 000.** Driftskostnader pr studiepoeng vart i 2012 kr 129 000.
- **I 2012 skal driftskostnader pr. publikasjonspoeng vere kr 3 200.** Publiseringspoenga for 2012 er ikkje rapporterte enno.
- **Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar skal i 2012 vere 2,6.** Rapporteringsdata pr 1.10.2012 viser 2,3.
- **Høgskulen i Volda skal samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester og IKT.** Det har vore arrangert eit eksamensseminar og eit studiedirektør/rådgjevarseminar.
- **For å sikre innkjøpsrutinane våre, skal vi vere med i SAK Innkjøp saman med NTNU og andre høgskular i Region Midt.** Vi har hatt stort utbytte av å vere med i dette nettverket. Det har vore arrangert fleire møte/kurs både spesielt med prosjektleiar i nettverket og saman med resten av medlemmane i gruppa. Konkret er vi i gang med planlegging av felles rammeavtaler på fleire område.

Verksemdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom eigen personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå, eit godt arbeidsmiljø og eit mindre kjønnsdelt arbeidsliv

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal styrke satsinga på kompetanseheving for faglege og administrativt tilsette.** Høgskulen har teke i bruk fleire verkemiddel som skal bidra til å nå målet om eit høgt kompetansenivå for fagleg tilsette. Det gjeld m.a.
 - Eiga ordning med frikjøp tilsvarande tre årsverk FoU-ressurs for tilsette som ønskjer å ta doktorgrad

- Rettleiingsressursen knytt til professorstillingane
- Organisering av forskingsprogram med tydeleg leiing
- Organisering i program for stipendiatar
- Engelskkurs
- Eigne midlar til kompetanseutvikling for administrativt tilsette

Alle avdelingane melder at det blir arbeidd mykje med kompetanseutvikling og at dei aktivt stimulerer sine tilsette til å nytte dei incentiva som høgskulen har utvikla.

- **Høgskulen i Volda skal arrangere samling for nyttilsette.** Ikkje gjennomført i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar skal auke til over 50 %.** Vi har ikkje nådd målet, men auka til 45,6%.
- **Høgskulen i Volda skal arbeide for at delen kvinner av tilsette med førstekompetanse skal auke til 35%.** Vi har ikkje nådd målet, men auka til 32,1%.
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i engelsk for fagleg tilsette.** Gjennomført.
- **Høgskulen i Volda skal gjennomføre nytt førstelektorkurs i samarbeid med høgskulane på Vestlandet og NAFOL.** Dette var ikkje aktuelt å tilby i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal tilby kurs i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette.** Gjennomført.
- **Sjukefråværet skal liggje på under 5 %.** Sjukefråværet i 2012 var 4,3 %.
- **Talet på midlertidig tilsette skal reduserast.** Gjekk ned med 4,5 % i 2012.
- **Høgskulen i Volda skal vurdere å auke talet på lærlingar.** HVO har for tida ein lærling på IT-kontoret. Det er i gang diskusjonar kring mulegheiter for å ta imot lærling i kontorfag, men det står att ein del når det gjeld planlegging og plassering. Ein ser i tilfelle for seg ein form for rotasjon av arbeidsstad for å gje innsikt og kompetanse i ulike typar arbeidsoppgåver. Prosessen held fram, målet er ei konkretisering av plan i løpet av våren 2013.
- **Høgskulen i Volda skal vurdere å ta imot fleire personar frå NAV for arbeidstrening.** Det har vore fleire diskusjonar kring korleis dette best kan gjerast, og fokuset har vore at dersom vi skal ta imot nokon på arbeidstrening, må vi ha kapasitet til å følgje opp på ein måte som gjer tiltaket verdifullt for vedkomande. Høgskulen har fleire faste tilsette i arbeidstilhøve som krev tilpassing. I tillegg har vi nokre som er på ein form for stønad frå NAV. Det er behov for å ytterligare kvalitetssikre oppfølginga av eksisterande langtidssjukemeldte og delvis uføre, noko ein har valt å ha som primær-fokus i 2012. Det er initiert samarbeid om ein ny arbeidstrening-avtale, men den er ikkje endeleg avtala pr dato.

Verksemdmål 4.3 (KD): Høgskulen i Volda skal arbeide for å fremje beredskapen på viktige område.

Resultatmål:

- **Høgskulen i Volda skal revidere beredskapsplanen og gjere ei vurdering av beredskapen knytt til terrortrugsmål i 2012.** Delar av beredskapsplanen er oppdatert, men ein del område står att, også i høve terrortrugsmål. Det er teke kontakt med lokalt politi og vert arbeidd kontinuerleg for å kome vidare i denne prosessen. Det vart gjennomført ei øving i 2012 der kriseleiinga ved høgskulen fekk testa fleire ulike scenario. Øvinga kom i stand gjennom eit samarbeid med ein ekstern fagperson med tilknytning til mediefag, som har spesifikk kompetanse på slike øvingar. Det er oppnemnt ei arbeidsgruppe med eit overordna ansvar for å sikre at beredskapsmessige problemområde vert følgt opp, deriblant årlege øvingar.

- **Høgskulen i Volda skal vurdere bruken av søkjemotor for overvaking av veven.** I dag abonnerer HVO på søketenesta Meltwater som overvakar media på Internett. Vi vurderer å ta i bruk ein modul som også overvakar sosiale medium som Facebook.
- **Høgskulen i Volda skal halde fram arbeidet med IT-sikkerheit i 2012 med spesielt fokus på fornying av backup-systema og ei ekstern vurdering av dei mest kritiske systema våre.** Vi har bytta backup system. Og vurderer for tida kjøp av naudaggregat. Vi har også arbeidd med å avdekke sårbarheit i nettsystemet vårt.
- **Høgskulen i Volda skal styrke beredskapen for studentar i utlandet.** Dette er ikkje klart enno.
- **Høgskulen i Volda skal arrangere kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen.** Seksjon for idrett og friluftsliv arrangerer kurs for studentar både haust og vår, for å sikre trygg ferdsel i Sunnmørs-naturen både på barmark og med snødekke.
- **Høgskulen i Volda skal ha eit seminar for alle administrativ tilsette om ulike aspekt knytt til sikkerheit og beredskap.** Ikkje gjennomført. Men 2 representantar frå arbeidsgruppa var på nasjonalt seminar for sikkerheit og beredskap for UH-sektoren. Tiltak vidare er skissert i planar for 2013.
- **Høgskulen i Volda skal i 2012 vurdere korleis og kva for verkemiddel ein skal ta i bruk når ein skal varsle i samband med kriser.** Arbeidsgruppa er inne i prosess der mellom anna dette vert jobba med. Per dato er det heimesida, media og e-post som er dei kanalane som er sett opp for å varsle tilsette. Det er på plass system for SMS-varsling til alle studentar gjennom FS, men det står att litt før liknande system er fullverdig for å varsle tilsette.

Tabell til sektormål 4	Resultat				Ambisjons-nivå	Resultat
	2008	2009	2010	2011	2012	2012
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	134	138	143	130	145	129
Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	2 793	3 121	3 176	2 573	3 200	*
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på tilsette i administrative stillingar	2,25	2,52	2,58	2,5	2,6	2,3
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillingar	37 %	34 %	37 %	42,3	50 %	45,6 %
Del kvinner av totale stillingar	45,4 %	46,6 %	47,3 %	48,5 %	50 %	50,7 %
Del kvinner med førstekompetanse	22,2 %	27,7 %	27,6 %	31,3	35 %	32,1 %
Del mellombels tilsette		29,9 %	26,8 %	24,3 %	19,9 %	16 %
Avrekningar	-700	-1 158	-10 680	-4 594	-1 000	537
Likviditetsgrad (omløpsmidlar/kortsiktig gjeld)	1,71	1,79	1,53	1,42	1,55	1,46
Opptente eksterne inntekter: BOA, NFR- midlar, studieavgifter og anna sal av tenester	21 066	27 282	27 509	25 505	25 400	21 991

* Tal ligg ikkje føre enno

Samla vurdering sektormål 4

Tabell til sektormål viser at HVO utnytter ressursane svært effektivt. Prosjektet om innkjøpssamarbeid er i gang, og HVO er med. Planen er at vi framover kan samarbeide for å få på plass flest mogleg rammeavtalar. I tillegg arbeider vi med dei interne rutineane for å sikre ein grundigare planleggingsfase og betre dokumentasjon knytt til innkjøp. Dette er eit arbeid som vi prioriterer høgt.

Vi har ikkje nådd målet om 50 % førstestillingar, men utviklinga i 2012 var positiv. Delen kvinner med førstekompetanse har og auka. I det vesentlege har Høgskulen i Volda sjølv "utdanna" tilsette i topp- og mellomgruppestillingar. Dette må vi også rekne med i framtida. Vi har difor sett i gang forskingsprogramma for stipendiatar og i fleire år hadde vi førstelektorkurs. Ein må og sjå på organiseringa av dei nye forskingsprogramma som eit viktig kompetanseoppbyggingstiltak.

Delen mellombels tilsette er på veg nedover. Vi har også nådd målet om å kome under 5 % sjukefråvær. Fråværet i 2012 var 4,3 %.

Pålegg frå Arbeidstilsynet og rapport frå KD sitt beredskapstilsyn har sett søkelys på nokre svakheiter i Høgskulen i Volda sitt systematiske HMS- og beredskapsarbeid. Den eksisterande beredskapsplanen omhandlar avgrensa forhold. Desse blir no gjennomgått på ny. Vi er i ferd med å utvide planen med fleire typar krisescenario som t.d. terrortrugsmål og risikofylt undervisning (idrett/friluftsliv). Vi skal også arbeide meir med ROS-analyse.

Høgskulen i Volda har no sett ned ei sentral sikkerheitsgruppe med følgjande mandat:

- Revisjon av beredskapsplanen
- Initiere dialog med lokal lensmann og beredskaps-gruppe på Sunnmøre
- Etablere og forankre system for systematisk arbeid med ROS-analysar, revidering av beredskapsplan og årlege øvingar
- Vere støttefunksjon og pådrivar for systematisk HMS-arbeid i organisasjonen

Eit nytt HMS-system vil vere ein viktig komponent i arbeidet med alle typar sikkerheits- og beredskapstema i organisasjonen. Vi arbeider mykje med IKT-sikkerheit og redundans. Styret har handsama ei eiga sak om dette, og vi har etablert ei arbeidsgruppe som følgjer opp dette spørsmålet. Gjennomføringsevne og samhandling vil bli testa ved å halde fleire øvingar. Når det gjeld arbeidet med å styrke haldningar og kultur rundt desse spørsmåla, trur vi det kan gjerast ved at HMS og beredskap skal vere tema på leiarmøte, personalmøte og HMS-dag.

2.2. Anna rapportering

Oppfølging etter etatsstyringsmøtet

Vi har lagt om strukturen i samsvar med dei signala vi fekk på møtet, sjå plandelen. Vi har også gjennomført risikovurderingar for alle verksemdmåla.

Utdanning: Vi held oppe satsinga på auka rekruttering til GLU. I planane for 2013 har vi gjort greie for korleis vi tenkjer om masterporteføljen vår. Når det gjeld internasjonalisering ligg HVO på topp blant høgskulane. Vi satsar vidare i 2013.

Forskning: Når det gjeld VRI har vi gjort greie for arbeidet vårt under verksemdmål 3.3 i rapportdelen. I 2013 samarbeider vi i Mørealliansen om søknad og gjennomføring av VRI – sjå verksemdmål 2.2 i plandelen. HVO har arbeidd mykje med tiltak for å betre gjennomstrøyminga i stipendiatstillingane. Vi har sett nytt styringsparameter for gjennomstrøyminga (80 %) – sjå tabell til sektormål 2 i plandelen.

Institusjonen og omverda: RSA Møre er etablert og har hatt to møte – sjå elles omtale under sektormål 3, generell vurdering i plandelen. SAK-arbeidet er omtala under verksemdmål 1.2 i plandelen. Der har vi gjort greie for kva tiltak som blir prioriterte i 2013.

Styring, leiing og administrasjon: Vi har følgd opp dei forholda som Riksrevisjonen har peika på. Økonomikontoret bruker *Innsida*, HVO sine gjeldande intranettsider, som sin fremste kommunikasjonskanal ut i organisasjonen. På innsida har økonomikontoret lagt ut gjeldande rutinar og retningslinjer for økonomiforvaltninga ved HVO. Økonomikontoret tek no i bruk nemninga «økonomihandbok», og er i gang å samle og strukturere alle skriftlege rutinar for økonomiforvaltninga for HVO i «økonomihandboka».

I samband med innføring av ny kontoplan frå 1.1.2013 vart det oppretta eit prosjekt for innføring av ny kontoplan og revisjon av gjeldande økonomimodell for HVO. I tillegg gjorde Riksrevisjonen sine merknader til rekneskapsåret 2011 og kommentarar i 2012 det naudsynt med auka merksemd både på bidrag- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) og innkjøp.

Den oppdaterte økonomihandboka vil verte utarbeidd og lagd på *Innsida* der den er lett tilgjengeleg for heile organisasjonen. Målet med økonomihandboka vil vere å etablere eintydige, einsarta og fullgode rutinar. Det vil vere med å sikre god styring og kontroll framover. Det er utarbeidd ein tiltaksplan for arbeidet, og den har vore presentert for styret. Når det gjeld oppfølging av innkjøp elles, viser vi til verksemdmål 4.1 i rapportdelen.

Delen mellombels stillingar viser ein nedgang på 4,5 % frå 2011 til 2012 – sjå tabell til sektormål 4.

Førskulelærerutdanninga

Ny rammeplan for barnehagelærerutdanninga vart vedteken juni 2012. Vi har arbeidd med nye planar. Samstundes som vi har sett på krav frå rammeplanen, har vi også hatt eit auge med NOKUT rapporten. Vi meiner at vi i den nye utdanninga har tatt høgde for dei råda som NOKUT har gjeve oss.

Vi har i 2012 tilsett ein Professor II som er særleg tilknytt førskulelærerutdanninga. Ho har jamleg rettleiing med fleire personar som er inne i ei kompetanseheving for å få førstekompetanse. Dette gjeld 4 – 5 personar. Samstundes rettleiar ho andre fagtilsette på FoU arbeid retta inn mot

barnehagen. To av våre fagtilsette som arbeider med førskulelærerutdanninga, har fått opprykk til førstelektor i 2012.

Universell utforming

HVO samarbeider med Statsbygg om eit større prosjekt der tilkomst på alle nivå skal betrast og tilretteleggast. Prosjektet starta i 2012 og held fram i 2013. Prioriterte tiltak i denne omgang er trappeløparar, markering av trappetrinn og generell belysning overalt.

HVO har også ein plan for inkluderande læringsmiljø vedteke av styret. Vi har arbeidd med tilrettelegging av læremateriell, nettsider og undervisningsmiljøet i klasseroma.

Studentkapasitet

Kompetansebehovet i regionen knytt til velferdsstaten yrke er betydeleg større enn det vi klarer å utdanne av ferdige kandidatar. Dette gjeld også sosialfagutdanningane, og vi har derfor auka rekrutteringa dei siste åra ved intern omprioritering. Vi ber om finansiering av nye plassar slik at vi kan klare å auke/ halde oppe nivået på opptaket.

Mastertilboda ved HVO har god søkning og det er stort behov for denne kompetansen både i det offentlege og det private arbeidslivet. Vi har lagt til rette for at studentane kan ta utdanninga på deltid, og på denne måten når vi grupper av studentar som alt er etablerte og som elles ikkje ville hatt høve til å ta vidare utdanning.

For å auke talet på søkjarar til lærarutdanning ønskjer HVO å gje tilbod innafor den nye 3-årige faglærerutdanninga i praktiske og estetiske fag. Desse faga har både nasjonalt og regionalt blitt dårleg representerte i den nye grunnskulelærerutdanninga (GLU). Med det fråfallet frå GLU som nå blir registret på nasjonalt nivå, er det viktig å sjå på ulike måtar å møte søkjarar til lærarutdanningane på. For fleire kan det vere av særleg interesse å ta lærarutdanning i praktiske og estetiske fag, og her er det også stor mangel på kompetanse i skuleverket.

HVO søker om 25 nye studieplassar til igangsetting av tilbod i faglærerutdanning i praktiske og estetiske fag. HVO har gode lokalitetar for utøving av dei praktiske og estetiske faga, oppdatert utstyr og eit breitt samansett fagmiljø som kan gå inn i denne utdanninga. I tillegg har høgskulen gjennom fleire år drive utviklingsarbeid knytt til Den kulturelle skulesekken og driv i denne samanhengen Seanse, senter for kunstproduksjon med støtte frå KD og KUD og i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Det er stort behov for mentorutdanning både i høve rettleiing av nyttilsette og for praksislærarar til dei ulike lærarutdanningane(her er det krav om 15 studiepoeng.) Så langt har ikkje HVO fått egne studieplassar til denne utdanninga.

Vi kan auke studiet i PR, kommunikasjon og media med 10 studieplassar. Studiet har god og aukande søkning og har fleire emne (mellom anna design- og fotoemne) som er ettertrakta blant studentar frå andre studieprogram. Studiet har kapasitet til volumauke dersom det følgjer strategisk løyving med auka opptak. Emna blir tilbodne på engelsk.

Animasjonsutdanninga kan også auke med minst 10 studieplassar. Utdanninga har utvikla eit tilbod i IndustriAnimasjon, som har synt seg nyttig for regional industri. Utdanninga har kapasitet til å auke opptak av studentar og vidareutvikle tilbodet.

Midlar tildelt over kap 281

1. Utstyr til Avdeling for mediefag

HVO fekk I 2012 4,2 mill kroner til oppgradering av digitalt utstyr til Avdeling for mediefag. Sidan løyvinga vart mindre enn søknadssummen (60 %) har vi prioritert andre og tredje punktet i søknaden.

Punkt to var nettmotor med tilhøyrande programvare for arkivering og søk av mediefiler via web-basert løysing. Her ser vi på eit mogleg OFU-prosjekt (Offentlege midlar til forskning og utvikling) i lag med Brik Teknologi AS i Bergen og Innovasjon Norge. Vi har sett i gang eit forprosjekt for å kartlegge om vi saman kan utvikle eit søkbart nettbasert arkiv av videofiler. Forprosjektet går som planlagt, og planen er å avslutte hovudprosjektet, ferdigstilling og implementering i løpet av 2013. Digitaliseringa vil gå føre seg i 2014.

Når det gjeld punkt tre i søknaden som er oppgradering av fjernsynsstudio med virtuell teknologi, og punkt ein, digital produksjonsflyt, er vi i gang med forarbeid som omfattar mellom anna behovsvurdering, produktanalyse og kartlegging av leverandørar for å sikre at rett prosedyre blir vald med omsyn til det offentlege innkjøpsreglementet. Vi reknar med at investeringane skal være på plass i løpet av 2013 eventuelt første halvdel av 2014, avhengig av produksjons- og installasjonstid.

2. Utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar - eit samarbeid mellom Høgskulen i Volda og Høgskulen i Sogn og Fjordane

Utdanning av rettleiarar for nyutdanna lærarar, Rettleiing og mentorutdanning er eit samarbeidstiltak mellom Høgskulen i Volda (HVO) og Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF). Studiet tek opp rettleiing på individ, gruppe og systemnivå i barnehage, skule og vidaregåande opplæring. Det er på til saman 30 studiepoeng og er sett saman av to emne à 15 studiepoeng.

Studiet har for tida 101 studentar. Dette er både førskulelærarar, allmennlærarar og lærarar i vidaregåande opplæring.

I studiet er det lagt vekt på studentaktive læringsformer med høg deltakaraktivitet. Dette ser vi som viktige tiltak for å skape eit godt læringsmiljø, noko tilbakemeldingane frå studentane syner at vi har klart. Studiet er samlingsbasert. Studentane er organiserte i lokale nettverksgrupper som møtest mellom samlingane der dei rettleiar kvarandre og drøftar faglege tema.

Likestilling

Ved rekruttering av studentar til fag med tradisjonell overvekt av kvinner har HVO sine rekrutteringskampanjar bevisst brukt verkemiddel og format som ein meiner vil appellere til mannlige søkjarar.

Ved tilsetjingar er det eit bevisst ønske om og haldning til å balansere kjønnsrepresentasjonen i dei ulike fagmiljøa. HVO sine leiarar og tilsetjingsråd brukar moderat kjønnskvotering ved tilsetjing av administrativ og fagleg personale. I utlysingar er det formulert slik: «Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn. Høgskulen praktiserer moderat kjønnskvotering».

Forvaltning av aksjefullmakter

Høgskulen i Volda har hatt fire mindre aksjepostar som er investerte etter den nye ordninga frå 2003. I løpet av 2012 er det eine selskapet avslutta. Fullmakter til aksjekjøp i samsvar med reglementet frå KD er ikkje delegert til avdelingane.

Aksjepostane i *Møreforsking AS* og i *Høgskolesenteret i Kristiansund AS* er kjøp som er samordna med dei andre to høgskulane i fylket, og vi har gått inn med like store eigarpartar.

- **Høgskolesenteret i Kristiansund AS**

Høgskulen i Volda har tidlegare hatt stor aktivitet i Kristiansund. I hovudsak har vi hatt tilbod om allmennlærerutdanning, førskulelærerutdanning og PPU på deltid. Høgskulane hadde opphavleg tenkt at når vi var ute av avtalen om husleige og drift av senteret i Kristiansund, så skulle vi berre kome inn som brukarar av senteret dersom det var ein marknad for studietilboda våre – på lik linje med andre tilbydarar. Andre burde kunne ta seg av infrastruktur og drift.

Etter at vi fekk invitasjonen om å teikne aksjar i det nye selskapet, vurderte vi likevel situasjonen slik at vi burde gå inn og støtte etableringa. Det var i tråd med vårt ansvar for å bidra til kompetanseheving i regionen, og vi trur at det nye senteret kan vere ein nyttig reiskap her. Det vil også vere ein viktig symboleffekt at høgskulane er med i dette selskapet. Vi er tydelege på at vi vil avgrense forpliktingane våre til å gå inn som eigarar og elles vere tilbydarar av studietilbod. Driftskostnadene til senteret må andre ta seg av.

- **Møreforsking AS**

Selskapet har som formål å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentleg forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette.

Høgskulane vurderer at eit samarbeid med Møreforsking er til styrke for alle.

- **Egget Eigedom AS**

Egget gjekk frå starten inn som eit delprosjekt i eit kulturhussenter i Volda. Egget er planlagt som eit lokale spesiallaga for framføring av akustisk og eksperimentell musikk. Det er tenkt laga med ei eineståande utforming der publikum er plassert i spiral på ulike nivå for å få ei optimal oppleving. Planen er at Egget kan gi rom for eit mangfald av aktivitetar: konsertar og visningar for t.d. orkester, kor, opera, korps og dans, innspelningar og opptak, installasjonar, multimedieprodukt og kulturproduksjonar. Det har vore meininga at lokalet også skal kunne nyttast til øvingar og forskings- og utviklingsarbeid.

Eigedomsselskapet Egget Eigedom AS vart skipa for å arbeide med å realisere dette delprosjektet.

Vi har satsa på utvikling av dei praktisk-estetiske fag som musikk, drama og forming, og derfor er dette prosjektet interessant. Framdrifta i prosjektet har dessverre ikkje vore den beste, og det er framleis usikkert om selskapet kan overleve.

- **Lean Akademiet AS**

Intensjonen med etableringa av Lean Akademiet var å kome i gang med eit undervisningstilbod for næringslivet og kommunane i regionen basert på Lean-prinsippa. Selskapet vart oppretta saman med nokre næringslivsaktørar og Sparebank 1. Vi vurderte tiltaket som interessant sidan selskapet kunne vere med på å utvikle eit kompetansemiljø som samstundes kunne stette eit behov for næringslivet i regionen. Vi planla eit emne basert på Lean-prinsippa for innpassing i masteren i samfunnsplanlegging.

I ettertid viste det seg at det ikkje var nok marknad for dette. Nokre av aktørane i næringslivet trekte seg ut av selskapet, og ved nærare marknadsundersøkingar viste det seg at næringslivet var meir interesserte i kortare kurs enn i studium på eit nivå som var interessant for oss. Selskapet vart registrert avslutta i desember 2012.

Sikkerheit og beredskap

Vi viser til verksemdsmål 4.3 i rapportdelen og plandelen.

3. Planar for 2013

Sektormål 1 – utdanning

Høgskulane skal gi utdanning av høg internasjonal kvalitet i samsvar med samfunnet sine behov

Styringsparameter KD

- Gjennomføring på normert tid
- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Kvalitativt styringsparameter: studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma

Generell vurdering

Talet på studentar ved HVO er det høgaste nokon sinne. Det er ikkje eit generelt mål å auke talet mykje meir. Men for å tilfredsstille behovet for lærarar i regionen og for å få ei meir berekraftig drift, er det ei prioritert oppgåve for HVO å auke opptaket på begge grunnskulelærerutdanningane. Vi må også auke studenttalet på nokre av masterutdanningane.

Det er også eit prioritert mål å auke søkninga til studia våre generelt. Vi ønskjer større konkurranse om studieplassane for å sikre oss dei beste studentane. Det fører til betre gjennomstrøyming, meir inspirerande læringsmiljø og betre omdøme.

HVO har for tida seks mastergrader. Mastergraden i spesialpedagogikk er omarbeidd til ein breiare lærarmaster med spesialisering i spesialpedagogikk, norsk og matematikk for å møte forventa etterspurnad etter breiare tilbod på masternivå blant lærarane. Det kan bli aktuelt med fleire spesialiseringar i åra framover. Dette er for tida den mest aktuelle strategien for å kunne tilby betre tilbod på masternivå. Men dersom framlegget om nye opptakskrav til PPU blir vedtatt, fører det til ein ny situasjon for HVO. I åra framover vil vi då arbeide med planar for nye mastergradar i skulefag for å kunne utdanne framtidige lærarar med PPU til regionen. Nye mastergradar kan vere anten eigne eller i samarbeid med andre. På nokre område er vi allereie i gang med å utvikle tilbod i lag med andre (religionsfaget). Den nye masteren i *Dokumentar og Journalistikk* er godt i gang, og alle plassane er fylt opp. Det er aktuelt å byggje den ut med ei fordjuping i PR. På noko lengre sikt er det aktuelt å utvikle ein mastergrad innan kulturfaga.

Graden av gjennomstrøyming varierer mellom studia. På nokre studium er fråfallet større enn vi ønskjer. Vi vil undersøkje nærare kvifor studentane fell frå og deretter vurdere aktuelle tiltak.

HVO har mange fleksible studietilbod med veldig god søkning. Fleire av desse er nettstudium. I åra framover vil vi vidareutvikle digitale undervisnings- og vurderingsformer. Dette stiller nye krav til pedagogisk kompetanse. Infrastrukturen og støttefunksjonar må og styrkast.

Når det gjeld samarbeid med andre institusjonar, vil HVO prioritere lærarutdanningane i UH-nett Vest dei næraste åra. Med den relativt svake søkninga til desse utdanningane, er det stor fare for at

dei mindre høgskulane ikkje kan tilby breidde i valfaga. Dersom vi kan få til eit godt samarbeid her, vil vi kunne oppretthalde utsette fag. Vi kan også sikre eit betre driftsgrunnlag. Det er viktig for regionen at vi kan tilby alle skulens fag. Hausten 2012 sette vi i gang eit pilotprosjekt i Norsk 2 for GLU-studentar (1-7) mellom HVO, HSF, HSH og NLA. Dette er eit distanseovergripande undervisningssamarbeid. Vi har fått gode tilbakemeldingar på dette prosjektet. Utviklinga av det vidare samarbeidet vil bygge på desse erfaringane.

I regi av Mørealliansen er det sett i gang eit arbeid med å utvikle ein PHD innan helse- og sosialfag melom HVO og HIM. Føresetnaden for å realisere den er ekstern finansiering. Vi arbeidar også med samordning av masterutdanningane innan helse og sosial i Møre og Romsdal.

Det skal utviklast ei ny yrkesfaglærarutdanning. Høgskulane i Møre og Romsdal dekkjer til saman alle dei ni fagområda. Vi ønskjer å utvikle slike utdanningar i samarbeid med dei andre høgskulane i Møre og Romsdal. Dette ser vi også på som eit interessant tiltak innan Mørealliansen. Det er dessutan ein god respons på regionale behov i næringslivet.

Verksemdmål 1.1: Høgskulen i Volda skal vere høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i regionen og skal vere leiande i yrkesretta medieutdanning. Institusjonen skal gi fag- og profesjonsutdanningar på bachelor- og masternivå for samfunnsutvikling, skule og barnehage, velferd, media og kultur.

Styringsparametrar:

- Tal utdanna masterkandidatar
- Tal utdanna PPU-kandidatar
- Studiepoengproduksjon per heiltidsstudent
- Kvalitativ:
- Våre kandidatar skal vere attraktive for arbeidslivet

Risikovurderingar:

Den nye grunnskulelærarutdanninga har mindre fagbreidde enn allmennlærarutdanninga. Det kan utgjere eit trugsmål mot dei faga som ikkje har fått plass der.

Eit nytt trugsmål mot fagporteføljen vår er framlegget om krav til master for å ta PPU. HVO er positiv til auka kompetanse for lærarar på alle nivå. Men framlegget kan få utilsikta følgjer for høgskular i distrikta og føre til mangel på kvalifiserte lærarar. Vi har berre i liten grad masterutdanning i skulefaga. Dersom vi skal kunne sikre god tilgang på lærarar i regionen, må vi satse på å utvikle fleire mastertilbod. For å få til det, treng vi auka strategisk løyving til fleire studieplassar på masternivå.

Det er framleis grunn til ein viss uro for om vi klarer å oppretthalde kvaliteten på journalistutdanninga som vårt nasjonale flaggskip. Vi har fått ei løyving til utstyr, men på grunn av den raske teknologiske utviklinga treng vi stadige oppdateringar, og vi vil difor trenge fleire løyvingar.

Vurderingane om utdanna kandidatar heng saman med 1.4. Dersom vi ikkje lukkast med å få til god gjennomstrøyming, vil vi ikkje nå måla om kandidatproduksjon. Det er også ei utfordring at ikkje alle

studentar er opptatt av BA-vitnemålet, og at dei kan mangle nokre studiepoeng som gjer at dei ikkje får skrive ut vitnemål. På masterutdanningane kan noko av det same vere tilfelle.

Tiltak:

- Halde fram med revidering av studieplanane med sikte på klarare målretting, profilering og organisering. Studieplanarbeidet skal gjennomførast i samarbeid med praksisfeltet.
- Starte ny master i undervisning og læring hausten 2013.
- Delta aktivt i utviklinga av ny sosial- og velferdsutdanning
- Starte opp ny faglærerutdanning i formgiving, kunst og handverk hausten 2013
- Starte opp ny barnehagelærerutdanning hausten 2013
- Starte ny allmenn- og yrkesfagleg Praktisk Pedagogisk-utdanning hausten 2013

Verksemdmål 1.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide med andre utdanningsinstitusjonar med sikte på arbeidsdeling og konsentrasjon for å tryggje høgskulen si framtid og regionen sitt framtidige kompetansebehov

Styringsparametrar:

- Tal samarbeidstiltak med andre institusjonar
- Kvalitativt parameter om kva vi har fått ut av samarbeidet

Risikovurderingar:

Når det gjeld Møre og Romsdal, så er der allereie gjennomført stor grad av arbeidsdeling. Vi ser ikkje så store problem med å kunne gå inn i samarbeid på nye område. Men når det gjeld samordning av mastertilboda i helse og sosial, kan det by på utfordringar å gi slepp på det ein har opparbeidd på eigen institusjon. Realiseringa av ein PHD kan trugast av manglande ekstern finansiering.

Når det gjeld samarbeidet om GLU i UH-nett Vest, så har alle involverte eigeninteresse i at det lukkast. Utfordringa ligg i å få til eit godt samarbeid mellom faglærarane og å prioritere midlar til utstyr.

Tiltak:

- Vidareutvikle grunnskulelærerutdanningane innan UH-nett Vest i tråd med retningslinene frå KD
- Samarbeide med dei andre høgskulane i UH-nett Vest om utvikling av den nye Barnehagelærerutdanninga
- Delta i Prosjekt Mørealliansen med fokus på fagleg utvikling og samarbeid innan FoU og utdanning. Prioriterte område i 2013 er utvikling av ny yrkesfaglærerutdanning, ein PhD innan helse og sosialfag og erfaringsbasert master i folkehelse
- Tilby masterutdanning i helse og sosialfag i samarbeid med helse- og sosialfaga i UH-nett Vest
- Samarbeide med sosialfagmiljøa i UH-nett Vest om arbeidsdeling og utnytting av fagleg kompetanse
- Halde fram samarbeidet med Høgskulen i Sogn og Fjordane om rettleiing for pedagogisk personale

- Vere aktiv i samarbeidet innan UH-nett Vest i utvikling av nye etterutdanningstilbod knytt til faget *Pedagogikk og elevkunnskap*
- Følgje opp inngått intensjonsavtale med NLA høgskulen i Bergen om samarbeid rundt master i GLU knytt til religionsfaget
- Arbeide for felles master i arealplanlegging gjennom UH-nett Vest

Verksemdmål 1.3: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktiv høgskule både regionalt og nasjonalt

Styringsparametrar:

- Tal nye studentar på dei fleirårige studia
- Søkning til Høgskulen i Volda gjennom Samordna Opptak
- Tal nye studentar på GLU
- Tal nye studentar på sosialfag

Risikovurderingar:

Det største trugsmålet mot måloppnåinga til Høgskulen i Volda er at vi ikkje får tilstrekkeleg opptak til dei viktige grunnutdanningane våre. Sjølv om vi hadde ein bra auke i talet på nye studentar i 2012, har vi framleis ikkje god nok rekruttering til grunnskulelærarutdanningane. Vi ønskjer oss også meir konkurranse om studieplassane til dei andre velferdsutdanningane. Eit trugsmål mot Høgskulen i Volda er at velferdsstatens yrke har låg status og at det er lett tilgang på godt løna arbeid i privat sektor i regionen. Dette er ikkje noko HVO kan gjere noko med. Sentrale styresmakter har eit ansvar for å gjere velferdsutdanningane meir attraktive.

Tiltak:

- Vidareutvikle rekrutteringsplanen med prioriteringar av lærarutdanningane og sosialarbeidarutdanningane
- Arbeide for betre vevsider
- Vere ein aktiv deltakar i profileringsprosjektet StudiebygdA
- Profilere våre fagtilsette
- Bygge omdøme

Verksemdmål 1.4: Høgskulen i Volda skal tilby eit godt læringsmiljø med undervisnings- og vurderingsformer som sikrar fagleg innhald, læringsutbytte og god gjennomstrøyming.

Styringsparametrar:

- Gjennomføring på normert tid
Kvalitative:
- Studentane skal lukkast med å oppnå læringsutbyttet som er definert for studieprogramma
- Våre kandidatar skal vere attraktive for arbeidslivet

Risikovurderingar:

Trugsmålet mot måloppnåinga her heng saman med 1.3. Dersom ikkje HVO får gode og motiverte studentar, kan det føre til fråfall som går ut over gjennomstrøyminga. Dersom undervisnings- og vurderingsformene i studiane ikkje er tilpassa læringsutbytte, kan det også gå ut over måloppnåinga. Eit anna trugsmål er at vi ikkje har god nok kontakt med praksisfelte og at våre studium ikkje er relevante for arbeidslivet.

Realiseringa av handlingsplanen for inkluderande læringsmiljø kan bli hindra av knappe budsjett og sviktande samarbeid med Statsbygg. Dette kan føre til at vi ikkje kan leggje til rette for at studentane kan gjennomføre studiane sine på normert tid.

Måla her kan trugast av at HVO ikkje legg godt nok til rette for at studentane kan gjennomføre studiane innanfor normert tid, at vi ikkje har kvalifiserte undervisarar, oppdaterte undervisningsmetodar, og at studentane ikkje legg nok arbeid og engasjement i studiane sine.

Tiltak:

- **Stimulere til god dialog mellom tilsette og studentar om innhald og kvalitet i studietilboda**
- **Sikre at Studenttinget får timeplanfesta tid til informasjonsarbeid om studentdemokratiet**
- **Syte for god kontakt med samfunn/profesjon/næringsliv og sikre at profesjonsutdanningane fagleg sett er oppdaterte og at innhald og arbeidsmåtar er relevante for seinare profesjonsutøving**
- **Følgje opp og rettleie studentar som manglar studiepoeng for å oppnå ein grad**
- **Arrangere seminar saman med Studenttinget om studieteknikk, akademisk skriving og om bruk av dataprogram i oppgåveskrivinga**
- **Vidareutvikle tilbodet i høgskulepedagogikk**
- **Gjennomføre brukarundersøkingar om studentvelferd, studiestart i 2013, programevalueringar og fråfalls- og kandidatundersøkingar**
- **Samarbeide med Statsbygg om universell utforming og tilby studentane arbeidsplassar tilpassa ulike behov**
- **Organisere eit prosjekt med sikte på utprøving av eksamen på PC**

Verksemdmål 1.5: Høgskulen i Volda skal ha eit målretta internasjonalt samarbeid som aukar kvaliteten i utdanningane

Styringsparametrar:

- Tal på utvekslingsstudentar – inn- og utreisande
- Tal på framandspråklege studietilbod

Risikovurderingar:

Høg kvalitet er avhengig av at dei fagtilsette har nok ressursar, både tidsmessig og økonomisk til å reise på partnerbesøk og ta i mot partnarar. Målet kan vere truga av manglande motivasjon blant fagtilsette til å arbeide med internasjonalisering.

Å koordinere, oppretthalde og eventuelt auke mobiliteten krev mange ressursar. Høgskulen i Volda har få administrativt tilsette med spesialisert kunnskap og lite overlapping, noko som kan truge måloppnåinga.

Tiltak:

- Arbeide for å auke talet på inn- og utreisande utvekslingsstudentar og auke praksismobiliteten gjennom Erasmus-programmet
- Utvikle fleire engelskspråklege emne
- Vise til internasjonal forskning og litteratur og gjere studentane medvitne om at dei etter studiet skal arbeide i eit fleirkulturelt samfunn
- Leggje til rette for og kvalitetssikre studieopphald ved utanlandske lærestader
- Utvikle tettare samarbeid med utvalde utanlandske lærestadar med sikte på systematisk samarbeid om profesjonsutdanningar på BA- og MA-nivå
- Auke fokus på informasjon på engelsk, både av studietilbod, FoU og annan aktivitet
- Vidareutvikle dei engelske nettsidene og få på plass ein god presentasjon av partnerinstitusjonane våre

Tabell til sektormål 1	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013
Talet på primærsøkjarar i samordna opptak	1312	1187	1349	1496	1570
Talet på primærsøkjarar per studieplass	1,3	1,3	1,3	1,3	1,5
Opptak til GLU		80	84	84	100
Opptak til Sosialfag	107	124	151	121	120
Talet på studietilbod i samarbeid med andre norske institusjonar (fellesgrader)	0	0	2	2	2
Talet på studietilbod i samarbeid med andre institusjonar	5	5	3		5
Talet på utvekslingsstudentar (ut/innreisande)	179	168	182	244	250
Talet på framandspråklege studietilbod (15 stp)	13	7	7	21	25
Uteksaminerte masterkandidatar	29	30	53	55	60
Uteksaminerte PPU-kandidatar	69	44	69	62	80
Nye studiepoeng per eigenfinansiert heiltidsstudent per år	50	47	48,8	52,4	53
Studentar per undervisnings- forskings- og formidlingsstilling	16,2	16,8	18,2	21,2	16
Gjennomføring i høve avtalt utdanningsplan i prosent	85,4	86,2	83	86,4	87

Sektormål 2 - forskning

Høgskulane skal tråd med sin eigenart, utføre forskning, kunstnarisk og fagleg utviklingsarbeid av høg internasjonal kvalitet.

Styringsparameter KD (kvalitative)

- Resultatoppnåing på forskning i forhold til eigenarten
- Samspel mellom forskning og utdanning

Generell vurdering

Høgskulen sine forskingsområde ligg innanfor humaniora og samfunnsfag, i vid tyding. I nokre av desse er det stort potensial for eksterne prosjekt gjennom NFR og EU-program eller oppdrag for regionalt næringsliv. I andre fag er det få slike midlar å hente. Høgskulen må bli betre på å utnytte høvet der det finst relevante utlysingar og moglege samarbeidspartnarar. Samstundes må vi i stor grad basere oss på at FoU-aktiviteten er finansiert gjennom stillingsressursen. Difor er det eit hovudsiktemål å sikre betre utnytting av denne.

Høgskulen vedtok ny strategiplan for FoU i 2012. Her vert det peika på fleire utfordringar. Vi treng å få konsentrert tid til FoU (der det er mogeleg), fleire aktive, kollegarettleiing, støttetiltak for stipendiatane, fleire kvinner i toppstillingar og auka søknads- og prosjektleiingskompetanse. Viktige tiltak i FoU-planen elles er å betre finansieringa av FoU-stipenda, oppretthalde og forbetre systemet for premiering av fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, prioritere kvinner som er nær toppkompetanse ved søknader om stipend og forskingstid, og spreie meir informasjon om gode FoU-resultat. HVO vil sette i verk relevante tiltak for å møte desse utfordringane. I 2013 prioriterer vi styrking av budsjettposten for vikar ved FoU-stipend og midlar til interne forskingsprogram. Mykje av FoU-verksemnda ved HVO er profesjonsretta.

Verksemdmål 2.1: Høgskulen i Volda skal oppnå betre resultat innan FoU ved god tilrettelegging

Styringsparametrar:

- Tal nasjonale publiseringspoeng
- Tal nasjonale publiseringspoeng pr fagtilsett
- Tal fagtilsette som publiserer

Risikovurderingar:

Eit trugsmål mot måloppnåinga er at forskingsverksemda vert nedprioritert i høve til undervisninga. Ein føresetnad for effektiv forskning kan vere meir samanhengande tid til FoU. Eit anna trugsmål er tap av toppkompetanse til andre institusjonar og ved oppnådd aldersgrense. For å bygge eigen kompetanse satsar vi på å aktivisere fleire, legge til rette for doktorgradsløp og oppmuntre til deltaking i forskingsnettverk. For å halde på kompetansen vil Høgskulen i Volda utvikle ein kultur der FoU er verdsett som ei hovudverksemd ved sidan av undervisning. Eit tredje trugsmål er at såkalla robuste fagmiljø vert prioriterte ved tildeling av t.d. SHP slik at mindre høgskular ikkje når opp.

Tiltak:

- Leggje til rette for bolkelegging av FoU-ressursar
- Syte for at alle i fagstilling får tilbod om å kople seg til forskargrupper/program
- Kollegarettleiing skal nyttast for å hjelpe nyttilsette med å kome i gang

- Evaluere løyvinga til dei interne forskingsprogramma med tanke på mogeleg forlenging
- Stimulere tilsette til å ta del i nasjonale og internasjonale forskarnettverk gjennom til dømes NFR- og EU-programma
- Styrke kompetansen i søknadsskriving gjennom kurs i skriving av forskingsprosjekt

Verksemdmål 2.2: Høgskulen i Volda skal samarbeide aktivt i nettverksorganiserte kvalifikasjonsprogram og forskarskular.

Styringsparametrar:

- Tal fellestiltak som HVO deltek i

Risikovurderingar:

Ei utfordring er at vi ikkje maktar å utnytte medlemskapen i forskarskulane godt nok. Det er ikkje sikkert at institusjonsavtalar og individuelle preferansar fell saman sidan kursmarknaden er så stor. Vi kan heller ikkje ta for gitt at dei store institusjonane (universiteta) prioriterer samarbeid med høgskulane om forskarskular.

Tiltak:

- Samarbeide aktivt med andre institusjonar i inn- og utland om forskarutdanning
- Samarbeide med andre høgskular om oppretting av PhD-grad i Møre og Romsdal
- Utvikle Forskingsforum Møre som arena og nettverk for auka samarbeid mellom FOU-miljøa i Møre og Romsdal
- Samarbeide om søknad og gjennomføring av VRI Møre og Romsdal 2014-2016. Arbeide for å auke ramma for VRI offentlig sektor

Verksemdmål 2.3: Høgskulen i Volda skal gjennom tildelte stipendiatstillingar syte for god gjennomføring av forskarutdanninga.

Styringsparametrar:

- Del uteksaminerte kandidatar teke opp på doktorgradsprogram seks år tidlegare
- Tal doktorgradsdisputasar

Risikovurderingar:

Ei vellukka forskarutdanning avheng av fleire faktorar: til dømes kandidaten si evne og livssituasjon, kvaliteten på rettleiinga og på støtteapparatet rundt. Eit trugsmål mot måloppnåinga er at oppfølginga av stipendiatar ikkje er god nok. Dette gjeld både oppfølginga ved dei doktorgradsgivande institusjonane og ved Høgskulen i Volda. Ein risiko ligg også i høg sjukmeldingsgrad og stor grad av utsetting.

Tiltak:

- Evaluere ordninga med å knyte stipendiatar til program
- Leggje til rette for gode forskingsmiljø med felles seminar og rettleiing for stipendiatane
- Følgje opp eige reglement for stipendiatar
- Syte for at alle stipendiatar vert følgde opp med medarbeidarsamtale minst ein gong i året
- Sikre kvaliteten på kandidaten gjennom intervju ved tilsetting, der vi formidlar krav og forventningar, og sjekkar motivasjon og drivkraft
- Leggje til rette for at stipendiatar kan ha kortare eller lengre utanlandsopphald
- Krevje at Forskingsutvalet ein gong i året handsamar statusrapport over framdrift og oppfølging for stipendiatar og andre i doktorgradsløp

Verksemdmål 2.4: Høgskulen i Volda skal gi studentar innsikt i og erfaring med FoU-arbeid**Styringsparametrar:**

- Kvalitativt:
- Samspel mellom forskning og utdanning

Risikovurderingar:

På BA-nivå er det eit nybrottsarbeid å involvere studentane i FoU-arbeid. Utfordringa er at det er korte studium med mykje innføringsemne og at det metodiske grunnlaget for å gjere eige FoU-arbeid er svakt. Den største risikoen er at studentane er for lite øvde i forskningsetisk tenking. På masternivå ser vi ikkje dei same utfordringane. Der vil studentane ha eit betre metodisk grunnlag.

Tiltak:

- Sikre studentrepresentasjon i Fou-utvalet
- Stimulere til forskning i studentoppgåver
- Involvere studentar i forskingsprosjekt

Tabell til sektormål 2	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013
Publikasjonspoeng pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0,43	0,39	0,66	*	0,5
NFR-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling (1 000 kr)	38	33	22	22	30
EU-tildeling pr undervisnings-, forskings- og formidlingsstilling	0	0	0	0	0
Talet på fagtilsette som publiserer	39	49	50	*	60
Tal på fagtilsette som bidrar med interne FoU-poeng					80
Talet på fellesiltak som HVO deltek i					4
Talet på uteksaminerte doktorgradskandidatar teke opp seks					80%

år tidlegare					
Tal doktorgradsdisputasar			1	4	6

* Tal ligg ikkje føre enno

Sektormål 3 - formidling

Høgskulane skal vere tydelege samfunnsaktørar og bidra til formidling, internasjonal, nasjonal og regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar KD

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv, under dette desentralisert undervisning og fjernundervisning (alternativt: a)Samarbeid med samfunns- og arbeidsliv i tråd med sin eigenart b)Fleksibel utdanning)

Generell vurdering

HVO har allereie ei brei kontaktflate med i første rekke aktørar innanfor det regionale arbeidslivet, men vi samarbeider også aktivt med nasjonale aktørar som er mottakarar av kandidatane våre. Høgskulen i Volda har jamleg møte med sentrale aktørar regionalt og nasjonalt for å snakke om utdanning og forskning. I desse dialogane får vi innspel til forbetring av grunnutdanningane, og vi legg grunnlag for utvikling av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Den eksterne verksemda har auka dei seinare åra, men vi har framleis potensiale for ytterlegare vekst, spesielt innafor offentleg verksemd. Vi ser også moglegheitene i det private næringslivet og har teke fleire initiativ der. Vi set av midlar i budsjettet for 2013 for å stimulere kontakta til eksterne aktørar. To prosjekt er prioriterte i 2013. Eit retta mot privat næringsliv (industrianimasjon) og eit mot offentleg verksemd (NAV). Vidare må vi arbeide internt med å auke forståinga for verdien av ekstern verksemd.

Livslang læring vil i større grad prege arbeidslivet i framtida. HVO har allereie mange deltidsstudentar og har satsa mykje på å utvikle etter- og vidareutdanningstilbod. Her vil vi auke innsatsen i åra framover. Dersom vi skal hevde oss i konkurransen om eksterne midlar (EVU, andre prosjekt), må vi styrke kompetansen på søknadsskriving og anbod.

Råd for samarbeid med arbeidslivet (RSA) Møre vart etablert i 2012 av Mørealliansen (høgskulane i Molde, Ålesund og Volda saman med Møreforskning) og Møre og Romsdal fylkeskommune. Gjennom halvårlege møte vil rådet vere eit forum for samarbeid om og samordning av strategiar og aktivitetar retta mot høgare utdanning og forskning for nærings-, arbeids- og samfunnslivet på Nordvestlandet. Rådet samlar dei viktigaste institusjonane og organisasjonane i fylket på dette feltet, og det fungerer som ein overbygning for det operative samarbeidet som institusjonane allereie har med nærings- og arbeidslivet. Høgskulen i Volda er oppteken av å vidareutvikle denne dialogen og å konkretisere samarbeidet på fleire felt.

Formidling er ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt. Vi har utvikla vårt eige poengsystem for å stimulere formidlinga. Forskingsdagane er både god formidling og marknadsføring av HVO. Dei har hatt god oppslutning. Vi vil halde oppe innsatsen her.

Verksemdmål 3.1: Høgskulen i Volda skal vere ein attraktivt samarbeidspartnar i regional utvikling, innovasjon og verdiskaping

Styringsparametrar:

- Inntekter frå bidrag og oppdragsfinansiert verksemd (BOA)
Kvalitativt styringsparameter:
- Korleis vi samarbeider med samfunns- og arbeidslivet

Risikovurderingar:

Utfordringa er å få til ein god dialog med våre samarbeidspartnarar og å etablere møteplassar for å bli kjende med kvarandre. Eit trugsmål mot måloppnåinga er at viktige aktørar ikkje kjenner til kva kompetanse HVO kan tilby. Dette gjeld særleg innafor det private næringslivet. Eit anna trugsmål kan vere konkurranse i marknaden.

Tiltak:

- Samarbeide tett med regionale og nasjonale aktørar om kompetanseheving og utviklingsarbeid
- Arbeide vidare med å sikre auka finansiering over statsbudsjettet av *Seanse – senter for kulturproduksjon*
- Arrangere nyskappingsseminar saman med Sunnmøre Kulturnæringshage og følgje opp nye forretningsidéar baserte på forskning og nyskapande studentarbeid
- Arbeide for å vidareutvikle aktiviteten knytt til Vestnorsk filmsenter og opprette eit opplevingssenter for animasjon i samarbeid med lokalt næringsliv og Sunnmøre Kulturnæringshage
- Vidareutvikle tilbodet i industrianimasjon i samarbeid med industrien i regionen
- Arrangere Ut i jobb-dag i samarbeid med kommunane i regionen
- Bidra til å etablere ein sterkare kultur for kommersialisering av forskning og kunnskap generelt, samt å kartlegge og prøve ut HVO sitt potensiale for kommersialisering av FOU-resultat
- Knyte FOU-ressursen tettare til eksternt arbeid
- Tilby kurs i prosjektstyring for fagleg tilsette

Verksemdmål 3.2: Høgskulen i Volda skal tilføre samfunnet resultata frå FoU-verksemda gjennom formidling og deltaking i offentleg debatt

Styringsparametrar:

- Tal konferansar/seminar
- Tal interne FoU-poeng

Risikovurderingar:

Vi ser ikkje nokon særleg risiko her. HVO har laga ei intern incentivordning som premierer formidling. Utfordringa er å få fleire til å vere aktive.

Tiltak:

- Vidareutvikle Forskingsdagane for å synleggjere FoU-verksemda vår
- Stimulere fagtilsette gjennom internt poengsystem for FoU til å drive foredragsverksemd, fagleg og populærvitenskapleg formidling og kritisk debatt m.m. om aktuelle samfunnsspørsmål innanfor fagområda våre
- Vidareutvikle nettsidene til framstilling av sentrale forskingsprosjekt, faglege ressursar og publikasjonar

- Arrangere fagkonferansar og seminar med utspring i forskingsverksemda innanfor dei sentrale fagområda våre i samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale aktørar

Verksemdmål 3.3: Høgskulen i Volda skal utvikle fleksible utdanningstilbod i samarbeid med regionale og nasjonale aktørar

Styringsparametrar:

- Eksternt finansierte studiepoeng
- Tal EVU-tilbod

Risikovurderingar:

Lite kontakt og samarbeid med eksterne partar kan kople akademia frå praksis. Det kan gjere studietilboda våre mindre relevante og dermed redusere søkninga og gi mindre eksterne inntekter. Tilgang på faglege ressursar er ein kritisk faktor når det gjeld eksterne aktivitetar. Eit trugsmål mot måloppnåinga kan vere at ressursane er bundne opp av arbeidsoppgåver i grunnutdanningane, og at mange fagmiljø opplever ein pressa ressursituasjon. Det er også risiko om HVO ikkje har nødvendig kompetanse til å skrive gode søknader og evne og vilje til å leggje om til meir fleksible undervisningsformer.

Utdanningsdirektoratet sine prioriteringar når det gjeld Kompetanse for kvalitet – eit varig system for kompetanseheving av lærarar er eit trugsmål mot HVO sine ambisjonar når det gjeld etter- og vidareutdanning for lærarar.

Teknologiske nyvinningar gjer EVU-marknaden nasjonal – geografisk avstand er ikkje lenger hinder for å tilby studium. Dette gir store muligheiter for HVO, men eit trugsmål kan vere at konkurransen aukar.

Tiltak:

- Arbeide for å få tildelt studieplassar til prioriterte vidareutdanningar for lærarar, i samband med vidareføring av Kompetanse for kvalitet
- Samarbeide med regionale organisasjonar og etatar (kommunar, fylke, fylkesmann, NAV) om å arrangere kurs- og undervisningsopplegg knytt til velferds- og sosialtenester, leing, omsorg, utdanning
- Arrangere strategiseminar om livslang læring
- Tilby intern skulering i søknadsskriving
- Gjere førelesingar og anna læringsstoff tilgjengeleg for studentar via internett, og vidareutvikle produksjons- og distribusjonsformer for dette
- Styrke den pedagogiske kompetansen og betre infrastrukturen for å leggje til rette for fleire former for fjernundervisning
- Arbeide mot meir langsiktige avtalar om eksterne oppdrag
- Oppmode avdelingane til å setje av ressurs til eksternt arbeid som ein naturleg del av HVO sine hovudoppgåver på lik line med forskning og formidling
- Inngå avtalar om risikodeling mellom fellesnivået og avdelingane for å stimulere til meir ekstern verksemd

Tabell til sektormål 3	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013
Omfang av bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (utanom NFR og EU)	12 096	11 072	9 210	7 231	10 000
Mottekne forretningsidear		12	1	2	4
Mottekne forretningsidear som har resultert i oppretting av selskap		5	1	3	2
Tal interne FoU-poeng *	6 787	6 284	4 989	*	6 000
Tal konferansar/seminar					10
Tal eksternt finansierte studentar	251	250	184	262	280
Tal EVU-tilbod					10

**Tal for 2012 ligg ikkje føre enno*

Sektormål 4 - organisering

Høgskulane skal ha effektiv forvaltning av verksemda, kompetansen og ressursane i samsvar med samfunnsrolla si

Styringsparameter KD

- Del kvinner i dosent og professorstillinger
- Del mellombels tilsette
- Kvalitativt styringsparameter:
- Langsiktig økonomisk planlegging
- Robuste fagmiljø

Generell vurdering

Styret baserer den interne fordelinga på ein budsjettfordelingsmodell som er utvikla og vidareutvikla gjennom fleire år. Det har vore ein intensjon at vi skal vidareføre best mogleg dei prinsippa som ligg i fordelingsmodellen frå departementet. Det har vore teke ein grundig gjennomgang for å tilpasse kriteria til HVO, mellom anna for å ta i vare eigne prioriteringar. Den årlege internfordelinga skal stimulere til effektiv ressursbruk, måloppnåing i høve dei årlege planane og strategiplanen ved HVO, og den skal sikre oppfølging av dei føringane om ressursbruk som departementet gir i tildelingsbrevet.

Viktige prinsipp har elles vore at modellen skal vere påreknelig og så gjennomsynleg som råd for å gje avdelingane grunnlag for god langsiktig ressursplanlegging.

HVO har utvikla eigne resultatbaserte tildelingar for premiering av FoU-aktivitet (intern RBO). I tillegg til at premieringa for vitenskapleg publisering vert vidareført uavkorta, får avdelingane premiering basert på FoU-arbeid etter eit internt rapporteringssystem, talet på førstestillingar og eksternt finansiert aktivitet.

Styret vurderer kvart år om prosentsatane til satsingsmidlar og investeringsmidlar skal justerast, mellom anna for å ta høgd for spesielle utfordringar og føringar. Budsjettmodellen skal evaluerast i 2013.

HVO er blant dei høgskulane som har lågast strategisk løyving. Kostnaden per uteksaminert heiltidsekvivalent er låg, og vi utnytter ressursane effektivt. Studenttalet har auka kraftig dei seinare åra. Det har ført til press på arealet. Tal kvadratmeter per student er redusert og lågt samanlikna med sektoren elles.

HVO er med i SAK innkjøp i regi av NTNU, og vi opplever dette som svært positivt. Vi støttar arbeidet i sektoren for å få samle økonomi og lønn i eit system, og at det vert oppretta nasjonale kompetansesenter knytt til lønn og rekneskap spesielt for vår sektor.

HVO står framfor eit generasjonsskifte. Om nokre år vil mange av toppfolka våre gå av med pensjon. Vi må difor styrke innsatsen for å rekruttere nye, godt kvalifiserte fagfolk og samtidig leggje til rette for å heve kompetansen til våre eigne tilsette. I budsjettet for 2013 ligg det inne auka satsing på kompetanseutvikling og forskning. Vi trur at det kan bidra til å gjere HVO meir attraktiv.

Systematisk HMS- og beredskapsarbeid vil krevje meir merksemd i åra framover. Beredskapsplanen er under revisjon, og vi har oppretta ei permanent sikkerhetsgruppe for IT.

Høgskulen i Volda skal ha eit fungerande beredskaps-system basert på ROS-analysar som vert oppdatert jamleg. Dette systemet skal bestå av 1) ein overordna plan som er tilpassa organisasjonen og tilhøva i lokalmiljøet, og 2) konkrete tiltaksplanar knytt til ulike scenario. Tilsette som er involverte i beredskapsplan og tiltak under den skal få øving i rolla og oppgåvene sine kvart år.

Verksemdmål 4.1: Høgskulen i Volda skal ha organisering, system og ordningar som har til formål å sikre ei god og effektiv forvaltning av ressursane.

Styringsparametrar:

- Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining
- Driftskostnader pr publikasjonspoeng
- Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillingar og talet på administrative stillingar

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda har i dag over 20 ulike system knytt til sentrale administrative område. Dei fleste av desse systema er vi pålagt å implementere og bruke, til dømes frå *Direktoratet for økonomistyring* (SAP/SAP-portalen). Det er ein risiko knytt til kontinuiteten i bruk av desse systema fordi det er få tilsette som brukar dei enkelte systema dagleg, og det er ikkje ressursmessig muleg å ha «back-up» kompetanse tilgjengeleg i så stor grad som ein ønskjer.

Ein risiko kan også vere at same personen til tider er inne i for mange prosessar i leverandørregisteret: registrering av leverandøren, bilagsregistrering og remittering.

Dagens ordning med instituttleiarar/seksjonsleiarar utpeika av dekan for korte periodar gjer det vanskeleg å få kontinuitet og tilstrekkeleg kompetanse på dette leiarnivået.

Eit trugsmål er for lite areal på grunn av auke i studenttalet. Det kan true målet om fleire fleksible undervisningsløysingar. Det kan føre til eit lite attraktivt arbeidsmiljø for tilsette og studentar.

Tiltak:

- **Arbeide kontinuerleg for å sikre god planlegging og oppfølging gjennom tenleg budsjettfordelingsmodell og budsjetteringsverktøy**
- **Vere med i SAK Innkjøp saman med NTNU**
- **Samarbeide med høgskulane på Nordvestlandet (Molde, Ålesund, Sogn og Fjordane) om studieadministrative tenester, IKT og innkjøp**
- **Oppdatere og vidareutvikle elektronisk økonomihandbok på *Innsida***
- **Syte for vidare opplæring i regelverket knytt til BOA-aktivitet og ny kontoplan**
- **Gjennomføre leiaropplæring med fokus på økonomistyring**
- **Lage oversikt over særskilt sårbare arbeidsområde og planar for å sikre overlapping**

- Samarbeide med biblioteka i UH-nett Vest om kompetansehevingstiltak og effektiv ressursutnytting gjennom felles løysingar
- Samarbeide med Volda kommune for å finne løysingar for å auke arealet
- Arbeide for å få auka strategisk løyving

Verksamdmål 4.2: Høgskulen i Volda skal gjennom sin personalpolitikk medverke til eit høgt kompetansenivå og eit godt arbeidsmiljø for dei tilsette

Styringsparameter:

- Del førstestillingar av totalt tal undervisnings-, forskar- og
- Del kvinner av tilsette med førstekompetanse
- Tal kvinner i toppstillingar (tiltak i FoU-planen)
- Del mellombels tilsette
- Gjennomsnittleg sjukefråvær pr år

Risikovurderingar:

Ein stram arbeidsmarknad og lokalisering i distriktet kan medverke til at Høgskulen i Volda taper konkurransen om dei gode søkjarane. Det er og ei utfordring å halde på arbeidstakarar med høg kompetanse. Det er ein risiko at godt kvalifiserte tilsette sluttar fordi vi ikkje kan tilby gode nok vilkår ut frå dei økonomiske rammene våre. Stor del tilsette i aldersgruppa 62 + gir risiko for tap av toppkompetanse.

Gode arbeidsmiljø utviklar seg best når tilsette opplever rimeleg grad av stabilitet, mulegheit til medverknad og rammer for å løyse forventa oppgåver. Dette fordrar system og strukturar i organisasjonen. Manglande systematisk oppfølging av problematikk knytt til helse, miljø- og tryggleik er ein risiko. Endring i rammevilkår, interne omorganiseringar og konflikhtar av ulike slag er og potente risikofaktorar for arbeidsmiljøet.

Tiltak:

- Styrke satsinga på kompetanseheving for fagleg og administrativt tilsette
- Vidareføre incentivordninga for fast tilsette som ønskjer å ta doktorgrad
- Arrangere samling for nye tilsette hausten 2013
- Tilby kurs i engelsk for alle tilsette
- Tilby program i høgskulepedagogikk for fagleg tilsette
- Få godkjent retningslinjer for oppfølging av sjukmelde
- Få godkjent retningslinjer for handtering av konflikhtar og mobbing/trakassering
- Syte for at alle leiarar gjennomfører årleg medarbeidarsamtale med alle sine tilsette
- Legge til rette for å rekruttere og halde på tilsette med førstekompetanse
- Implementere data-system for HMS-aktivitet
- Sikre leiarutvikling med fokus på handtering av personaloppgåver
- Revidere lønspolitisk plan
- Bidra aktivt til måloppnåing i den sentrale IA-avtalen

Verksemdmål 4.3: Høgskulen i Volda skal ha ein beredskapsplan som stetter sentrale krav og føringar

Risikovurderingar:

Høgskulen i Volda sine studentar, tilsette, bygningsmasse og infrastruktur kan trugast av ulike uførutsette hendingar. I slike tilfelle skal organisasjonen agere etter ein beredskapsplan. Utfordringa er å vere føre var på situasjonar som er lite sannsynlege. Områda beredskapsplanane bør dekke omhandlar situasjonar som kan gje personskader eller materielle skader av eit visst omfang eller alvor. I hovudsak vil slike situasjonar oppstå som følgje av naturskade, ulykker eller kriminalitet.

Studentar og tilsette sin tryggleik kan setjast i fare gjennom ulukker eller kriminelle hendingar både på campus og på ekskursjonar i nærleiken og i utlandet. Dei siste åra har ulike hendingar ført til at høgskulen også må ha ein plan for korleis vi skal agere dersom svært usannsynlege hendingar oppstår. Dette planarbeidet er ikkje å rekne som ferdigstilt.

Når det gjeld bygningsmasse og IT-infrastruktur er det i hovudsak risiko knytt til naturskade-effektar, sabotasje- og slitasje-problematikk som krev beredskapsarbeid.

HVO er svært avhengig av at IT-systema fungerer til ei kvar tid. Forventninga er høg oppetid døgnet rundt heile året. Straumbrot og manglande redundans gjer oss sårbare.

Ferdsel i naturen på Sunnmøre kan representere ein risiko dersom ein ikkje er budd. HVO har hatt nokre alvorlege ulukker der studentar har vore innblanda.

Misgjerning i ulike kontekstar gir risiko for omdømme-tap.

Tiltak:

- Revidere beredskapsplan og tilstøytande område
- Gi trening i bruk av verktøy til risiko- og sårbarheitsanalysar
- Vurdere beredskapen knytt til terrortrugsmål
- Arrangere kurs for studentar om trygg ferdsel i naturen
- Gjennomføre kriseøving for tilsette som har oppgåver knytt til beredskapsplanen
- Vurdere bruken av søkjemotor for overvaking av veven
- Halde fram arbeidet med fornying av infrastruktur for nettverk og oppfølging av ROS-analyse
- Vurdere verkemiddel til varsling i samband med kriser
- Førebygge misgjerning i ulike kontekstar gjennom bevisstgjerjing og opplæring

Tabell til sektormål 4	Resultat				Ambisjonsnivå
	2009	2010	2011	2012	2013
Driftskostnader pr avlagde 60-studiepoengeining (1 000 kr)	138	143	130	129	145

Driftskostnader pr publikasjonspoeng (1 000 kr) *	3 121	3 176	2 573	*	3 100
Tilhøvet mellom tilsette i undervisnings-, forskings- og formidlingsstillinger og talet på tilsette i administrative stillingar	2,47	2,61	2,5	2,3	2,5
Del førstestillingar av totale undervisnings-, forskar- og formidlingsstillinger	34 %	37 %	42,3 %	45,3 %	50 %
Del kvinner med førstekompetanse	27,7 %	27,6 %	31,3 %	32,4%	38 %
Del mellombels tilsette	29,9 %	26,8 %	24,3 %	19,8 %	16 %
Tal kvinner i toppstillingar				2	3
Gjennomsnittleg sjukefråvær		5,2 %	5,1 %	4,3 %	4,0 %
Avrekningar	-1 158	-10 680	-4 594	537	5 700
Likviditetsgrad (omløpsmidlar i høve til kortsiktig gjeld)	1,79	1,53	1,42	1,46	1,5
Opptente inntekter BOA inkludert NFR- midlar og studieavgifter	27 282	27 509	25 505	21 991	26 000

**Tal for 2012 ligg ikkje føre enno*

3.2 Plan for tildelt løyving 2012

Løyvinga for 2013 er fordelt internt i styremøte 6. desember 2012, og det er skriva tildelingsbrev til avdelingane. Budsjettet er fordelt i rammer til avdelingane i samsvar med den vedtekne budsjettmodellen vår. Modellen stimulerer til god aktivitet mellom anna ved at premieringa av resultatane som kjem gjennom finansieringsmodellen frå KD, så godt som råd vert vidareførte internt.

I samsvar med modellen har vi sett av midlar til satsingstiltak og til investeringsmidlar etter spesielle prioriteringar.

Verknaden av den låge studiepoengproduksjonen i 2007 og 2008 har vi fått merke spesielt i 2009- og 2010-budsjetta. Dersom vi ikkje hadde bygd opp avsetningar i åra frå 2005 til 2006, ville vi fått store problem i 2010 og 2011. I 2012 gjekk året i balanse. Frå og med 2013 vil vi igjen kunne auke avsetningane våre.

Resultatet av studiepoengproduksjonen i 2011 var at vi i 2013-budsjettet fekk ein auke i den resultatbaserte utdaningsløyvinga på nesten 11,5 mill kr. Resultatet av studiepoengproduksjonen i 2012 er ein vidare realvekst i 2014-budsjettet på rundt 5 mill kr.

Presentasjon av den fordelte ramma for 2013

Avdeling	Fordelt internt måltal frå 1.1.2013	Studiepoeng i 2011	Studiepoeng i 2010	Fordelt løyving til ordinær drift 2013	Samanlikning frå 2012	Fordelte satsingsmidlar og stipendiatmidlar i 2013	Sum fordelt ramme inkludert satsing og stipendiatar i 2013
AKF	458	432,4	405,0	25 320	24 006	2 749	28 069
ASH	667	730,3	567,2	40 010	33 590	1 931	41 941
AMF	283	281,6	273,6	21 019	20 788	1 190	22 209
AHL	989	793,5	723,5	57 043	50 965	4 288	61 331
Fellseadm				35 604	32 545	300	35 904
Felleskostnader				67 873	65 433	1 354	69 227
Utsett/sentral fordeling		8,2	4,0	4 821	4 150	8 892	13 713
SUM	2 397	2 245,9	1 973,3	251 690	231 477	20 704	272 394

Heile tusen kroner

Fordelte satsingsmidlar

	2013	2012
Kompetanseutvikling	4 100	3 490
Spesielle satsingsområde ("skjønnsmidlar")	3 800	3 100
Internasjonalisering	250	315
Administrative utviklingsprosjekt	400	600
Rekruttering, kvalitetssikring, evalueringar med meir	792	741
Strategiske midlar for utdeling gjennom året	1 500	1 500
SUM	10 842	9 746

Heile tusen kroner

Avdelingane har høve til å leggje inn eit driftsbudsjett for 2013 som avvik frå den fordelte ramma for året. Det vert gjennomført eit dialogmøte med avdelingane før driftsbudsjettet for 2013 vert endeleg godkjent.

Fordelte investeringsmidlar

	2013	2012 samanlikning
PC-ar til studentar og tilsette	960	592 (Felleskostnader)
Nettverk, datalagring, programvare med meir	860	1 558 (Felleskostnader)
Videokonferansesystem	250	450 (Felleskostnader)
Fjernundervisningssystem	300	(Felleskostnader)
Tilgangskontroll	50	200 (Felleskostnader)
Ombyggingar undervisningsrom, ventilasjon mm	2 330	800 (Felleskostnader)
Kopimaskiner, AV-utstyr med meir	750	1290 (Felleskostnader)
Diverse inventar møte- og undervisningsrom		395 (Felleskostnader)
Teleslynger og drikkevasskjølar (LMU)	300	200 (Felleskostnader)
Utstyr til biblioteket		90 (Felleskostnader)
Ombygging stille lesesal	1 021	(Felleskostnader)
Utstyr knytt til medieutdanningane	1 360	1 170 (AMF)
Utstyr og ombygging knytt til musikk og drama	1 100	1 156 (AKF)
Mikrofilmlesar og inventar personalrom	125	(ASH)
Utstyr knytt til realfag		96 (AHL)
Nytt kassasystem i studentkantine	176	(Studentsamskipnaden)
SUM fordelt	9 582	7 997
Ramme	9 087	8 247
Avvik	-495	250

Heile tusen kroner

I 2011 forskotterte vi kr 250 000 av 2012-løyvinga, og rest til fordeling i 2012 var derfor kr 7 997 000. I 2013 har vi forskottert kr 494 000 av 2014-løyvinga.

Avdeling for mediefag fekk delfinansiert søknad om digital produksjonsflyt, nettmotor og oppgradering av fjernsynsstudio med virtuell teknologi med kr 4 200 000 med ekstraløyving frå KD i desember 2012. Desse midlane vert nytta i 2013 samen med dei fordelte midlane for 2013.

Ein samla presentasjon av budsjettfordelinga for 2013 er rapportert til DBH.